



## Kommuneinformasjon Fyresdal kommune Juli og august 2024

Frist for innsending  
av bidrag til  
septemberutgåva er  
søndag 25. august.

### Innhald: Side:


Kommunal informasjon	2-25
Flexiruter	26-28
Diverse annonser	29-50
Kyrkjedøra	51-52
Fyresdal Taxi	53

### Kontaktinformasjon:

Barnehagen:	35 06 71 80
Gimle:	35 06 71 76
Helsehuset:	35 06 73 00
POS:	35 06 71 67
Sentralbordet:	35 06 71 00
Tannklinikken:	35 06 70 20



[postmottak@fyresdal.kommune.no](mailto:postmottak@fyresdal.kommune.no)  
[fyresdal.kommune.no](http://fyresdal.kommune.no)  
[facebook.com/fyresdalkommune](https://facebook.com/fyresdalkommune)  
[instagram.com/livet\\_i\\_fyresdal](https://instagram.com/livet_i_fyresdal)



### I juli skjer mellom anna dette: Side:

06. Konsert i Folkestadbyen	32
06. Aktivitetsdag i Øyskogen	40
07. Gudsteneste i Moland kyrkje	51
13. Konsert i Folkestadbyen	32
13. Aktivitetsdag i Øyskogen	40
13.-14. Dragrace	35
20. Konsert i Folkestadbyen	32
20. Aktivitetsdag i Øyskogen	40
21. Gudsteneste i Veum kyrkje	51
27. Olsokmarkering i Folkestadbyen	32
27. Aktivitetsdag i Øyskogen	40
28. Olsokmesse på Heggland gamle kyrkjegard	51

### I august skjer mellom anna dette: Side:

03. Bispeveg marsjen	36
04. Gudsteneste i Moland kyrkje	51
11. Gudsteneste i Veum kyrkje	51
19. Fyrste skuledag på Gimle skule	9
22. Møte i Fyresdal pensjonistlag	37
23. Ungdomsklubb på samfunnshuset	22
25. Gudsteneste i Moland kyrkje	51
28. Juniorklubb på samfunnshuset	22
29. Sumarkveld på Midtgarden	37
31. Offisiell opning av den nye løypa i Birtedalen	38
31. Konfirmasjon i Moland kyrkje	51

For turar i regi av turlaget, sjå s. 33-34.

For arrangement i regi av Birtedalen sti- og løypelag, sjå s. 38.

For informasjon om årets sommaraktivitetar, sjå s. 19.

For aktivitetar i regi av frivilligsentralen, sjå s. 9.

# God sommar!

## Informasjon frå Fyresdal legekantor

Ope måndag–fredag kl. 08.00–15.30

Telefon 35 06 73 00



**Akutt medisinsk nødtelefon: 113**

### Legevakt

Alle som har behov for legehjelp på legevakt MÅ ringe det nasjonale legevaktsnummeret 116 117.

Arendal legevakt tar imot samtala og vurderer behov for legehjelp og hastegrad.

Ved behov blir legen som har vakt i Fyresdal kontakta og møter innringaren til konsultasjon.

Legevaktskontoret er på POS, men det er IKKJE høve til å møte direkte opp der.

Alle førespurnader skal gå via 116 117.



#### Telefon med lege:

Ved ynskje om telefonkontakt treng legen opplysningar om årsaken til førespurnaden. Dette for å gjere ei best mogleg vurdering i høve til hastegrad på tilbakemeldinga.

Legen ringer tilbake ved fyrste moglege høve, men ikkje nødvendigvis same dag.

Telefonkontakt blir belasta som konsultasjon.



**Pasientreiser:** 05515

**Rustelefonen:** 08588

**Mental Helses hjelpetelefon:** 116 123

**Kirkens SOS:** 22 40 00 40

**Alarmtelefonen for barn og unge:** 116 111

#### Apotek 1 Kviteseid:

Garverivegen 10, 3850 Kviteseid.

Tlf. 35 06 88 80.

E-post: [kviteseid@apotek1.no](mailto:kviteseid@apotek1.no).



#### Prøvetaking:

Ulike prøver som CRP, urinprøve o.l. må avtalast med lege i forkant.

#### Svartid:

Svartid frå lege på e-resept og e-melding er inntil 5 arbeidsdagar.

## Politiske vedtak

### Vedtak i Hovudutvalet for plan og miljø - 16.04.2024

#### **PS 14/24 Klagehandsaming - søknad om konsesjon , Metveit gbnr. 65/1, 65/2, 65/3 og 67/6**

Hovudutval for plan og miljø tek ikkje klaga frå søkjar Ingebret Gaaren til fylgje og opprettheld sitt vedtak i sak 5/24 om å avslå konsesjon for erverv av Metveit øvre, gbnr. 65/1, 65/2, 65/3 og 67/6. Det har ikkje blitt lagt fram nokon nye moment i saka som gjev grunnlag for å endre vedtaket. Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark for endeleg avgjer.

#### **PS 15/24 Økonomirapportering 01.03 plan og teknikk**

Den økonomiske stoda for sektor plan og teknikk pr. 01.03.24 vert teken til vitande.

#### **PS 16/24 Klage på vedtak sak 7/2024 hovudutval for plan og miljø - Søknad om å skilje frå Vassbø gbnr. 5/7 og 8**

Med heimel i Plan- og bygningslova § 11-6 og 19-2, blir det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel, til å dele frå Nørstelistøylen frå gbnr. 5/7 slik det er søkt om. Frådelinga vil vere ledd i eit arveoppgjær. Delinga vil ikkje føre til ny busetting da hytta allereie ligg på plassen i dag og bruken alt er etablert. Frådelinga vil og vere med på og oppretthalde bruken av området og halde landskapet i hevd. Frådelinga må og handsamast etter jordlova

#### **PS 17/24 Klage på vedtak i hovudutval for plan og miljø 12.03.2024 sak 8/2024 - søknad om deling av gbnr. 10/14 – Furebu**

Med heimel i Plan- og bygningslova § 11- 6 og 19-2, blir det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel til å dele gbnr. 10/14 slik det er søkt om. Frådelinga grunnast med uendra bruk og alle bygg allereie ligg på tomta i dag. Flytting av uthus må ikkje føre til bygg kjem nærare vatnet enn etablerte bygg

### Vedtak i Valnemnda - 17.04.2024

#### **PS 1/24 Val av representant til styret i Århusjordet burettslag 2024**

Varamedlem til Århusjordet burettslag for 2024-2025: Nils Kristian Moe.

### Vedtak i Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg - 18.04.2024

#### **PS 9/24 Rullering av heilskapeleg ruspolitisk handlingsplan**

Kommunestyret godkjenner planen slik han er i dag.

#### **PS 10/24 Søknad om skjenkeløyve - Øyne Camping 20.07.2024**

Jørn K. Aalo, Øyne Camping AS orgnr. 924350946 får løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk lågare enn 22 volumprosent i tidsrommet laurdag 20.07.2024 frå kl.18.00-02.00. Ansvarleg og skjenkestyrar: Jørn K. Aalo f. 03.08.73. Skjenkestad: Øyne Camping, Glomfossvegen 50, 3870 Fyresdal. Konsumering av utskjenka alkohol må opphøre seinast 30 minutt etter skjenketidas slutt. Ansvarleg må fylje alkohollova og retningsliner gitt med heimel i den, samt alkoholpolitiske retningsliner for Fyresdal kommune. Område ved skjenkestaden må vere avgrensa med skjerming, og det må vere vakter i skjenkeområdet. Løyvegebyr utgjer kr 440,-. Faktura blir sendt Øyne Camping AS.

#### **PS 11/24 Økonomirapportering pr 01.03.24 - kultur og oppvekst**

Den økonomiske stoda pr. 1. mars 2024 i sektor for kultur og oppvekst takast til vitande.

**PS 12/24 Økonomirapportering pr. 01.03.24 - helse og omsorg**

Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg tek den økonomiske stoda i sektoren pr. 01.03.24 i sektor for helse og omsorg til vitande.

**PS 13/24 Søknad om driftstilskot Bygdedagskomiteen**

Fyresdal kommune stør bygdedagskomiteen med eit tilskot på kr 10.000,-, med dekning frå kulturbudsjettet konto 1.260.470.

Løyvinga er eit eingongstilskot.

[Vedtak i Kommunestyret - 25.04.2024](#)**PS 22/24 Samarbeidsavtale Barnevernvakt**

Kommunestyret godkjenner vedlagd samarbeidsavtale for barnevernsvakta i Telemark.

**PS 23/24 Kaup av Stykkjevika g/br.nr. 36/3**

Fyresdal kommunestyre godkjenner rammene skissert i intensjonsavtale av 8/4-24 vedr. kaup av Stykkjevika friluftsområde. Kommunestyret løyver kr. 3.661.182,- til kaup av arealet, kaupet vert finansiert ved låneopptak. Kaupet forutsett at det blir gjeven landbruksfagleg godkjenning, samt ei godkjenning i høve til plan og bygningslova.

**PS 24/24 Etablering av oppstillingsplass for bubil i Bryggeparken**

Det blir ikkje opparbeid enkel oppstillingsplass for bubil/campingvog på grusplassen ved Meieriåa. Administrasjonen arbeider vidare med å finne alternativ oppstillingsplass.

**PS 25/24 Kommunal planstrategi 2024-2027**

I medhald av pbl. § 10-1 leggjast kommunal planstrategi for Fyresdal kommune 2024-2027 ut til offentleg ettersyn i 30 dagar.

**PS 26/24 Forslag til ny lokal politivedtekt, Fyresdal kommune**

Kommunestyret legg vedlagd forslag til ny politivedtekt ut på høyring.

**PS 27/24 Rullering av heilskapeleg ruspolitisk handlingsplan**

Kommunestyret godkjenner planen slik han er i dag.

**PS 28/24 Garanti - FN Eigedom as**

Fyresdal kommune gjev ein garanti for eit lån som FN eigedom AS tek opp innfor ei ramme på 34 millionar i Kommunalbanken. Fyresdal kommune er sjølvskuldarkausjonist for ein periode på 30 år frå den tid lånet takast opp. Garantien reduserast i takt med innbetalte avdrag. Vilkår for garantien er at Fyresdal kommune får årleg ein kompensasjon på kr 150.000,-. Ved eventuell innfriing av garantien overtek Fyresdal kommune FN eigedom AS sine eigedelar. Vedtaket må godkjennast av Statsforvaltaren etter kommunelova § 14-19 før det er gyldig.

**PS 29/24 Reiselivsstrategi fase 3**

Fyresdal kommune deltek ikkje i vidare arbeidet med Reiselivsstrategi fase 3.

**PS 30/24 Årsmelding frå kontrollutvalet 2023**

Kommunestyret tek den framlagte årsmeldinga for 2023 frå Fyresdal kontrollutval til vitande.

## Vedtak i Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg - 02.05.2024

### PS 15/24 Fordeling av kulturmidlar 2024

Utvalet har vurdert habiliteten til Tone Susanne Kvasjord (SP) og Knut Lofthus (AP). Dei er vurdert som habile. Utvalet oppmodar administrasjonen til å arbeide for å auke summen til kulturmidlar for kommande år. Utvalet ber også om at ein ser på å halde stønaden til Vest - Telemark Museum, samt tilskot til løypeforeninga på Veum, utanom fordelinga av kulturmidlar. Fylgjande forslag til innstilling vart fremma av Nils Vidar Pettersen (AP) Forslag om å auke tilskot til musikkorpset til 10 000, ved å ta kr. 1000 frå Roan 4H, Fyresdal jakt - og fisk og Bulseye dartklubb. Innstillinga til kommunedirektøren blei vedteke mot 1 stemme. (Nils Vidar Pettersen, AP) Kulturmidlar til lag og organisasjonar for 2024 fordelast slik:

<b>Idrettslag</b>	<b>Søkt 2024</b>	<b>2024 Born under 19 år</b>
Fyresdal idrettslag	70 000	52 000
Fyresdal motorsportklubb	30 000	28 000
Fyresdal skiskytterlag	40 000	16 000
Fyresdal skyttarlag	50 000	26 000
Hugljufur Islandshestforening	25 000	12 000
<b>Sum idrettslaga</b>		<b>134 000</b>

<b>Grendelag</b>	<b>Søkt 2024</b>	<b>2024</b>
Hauggrend grendelag	10 000	4 000
Heggland grendelag	5 000	4 000
Kilegrend grendelag	32 120	4 000
Kleivgrend grendelag	5 000	4 000
Åsland grendelag	5 000	4 000
Veum grendehus (skiskytterlaget)	Ikke spesifisert	4 000
Vestkanten grendelag	25 000	4 000
<b>Sum grendelaga</b>		<b>28 000</b>

<b>Andre lag</b>	<b>Søkt 2024</b>	<b>2024</b>
Dalen fotoklubb	10 000	1 000
Fyresdal musikkorps	15 000	7 000
Fyresdal Røde Kors	30 000	2 000
Førsdal bygdekor	5 000	2 000
Roan 4H	9 000	7 000
Fyresdal pensjonistlag	4 000	2 000
Veum grendelag	6 000	4 000
Fyresdal Jakt- og fiskelag	20 000	7 500
Fyresdal bygdekvinnelag	6 000	2 000
Bulseye dartklubb	20 000	7 500
Vrådal og Fyresdal målarlubb	10 000	1 000
<b>Sum andre lag</b>		<b>43 000</b>

### PS 16/24 Kulturprisen 2024

Fyresdal Idrettslag vert tildela kulturprisen for 2024. Prisen er eit diplom og kr 10 000.

### PS 17/24 Idrettsstipend 2024

Det vert ikkje utdelt idrettsstipend for 2024.

## Vedtak i Frivilligsentralstyret - 08.05.2024

### **PS 2/24 Budsjett 2024 - Fyresdal Frivilligsentral**

Budsjettet for Fyresdal Frivilligsentral 2024 blir teken til orientering.

### **PS 3/24 Rekneskap 2023 - Fyresdal Frivilligsentral**

Rekneskapet til Fyresdal Frivilligsentral 2023 blir teke til orientering.

### **PS 4/24 Årsmelding 2023 - Fyresdal Frivilligsentral**

Årsmelding for Fyresdal Frivilligsentral 2023 blir teken til orientering.

### **PS 5/24 Handlingsplan 2024 - Fyresdal Frivilligsentral**

Handlingsplanen til Fyresdal Frivilligsentral 2024 blir teken til orientering.

## Vedtak i Ungdomsrådet - 13.05.2024

### **PS 6/24 Bruk av egne midlar 2024**

Fyresdal Ungdomsråd kjøper inn genserar til medlemene av ungdomsrådet med påskrift Fyresdal ungdomsråd. Pengane som blir til overs blir ståande inn til vidare.

Ungdomsrådet bestemmer sjølv kva dei vil ha og kjøper inn.

## Behandling i Hovudutvalet for plan og miljø - 14.05.2024

### **PS 23/24 Søknad om bygging av skogsbilveg, Geismyrane gbnr. 68/13 Magne Kvifte Risdal**

Med heimel i Naturmangfaldlovas § 8-12 og Skogbrukslovas § 7 får Magne Kvifte Risdal avslag på sin søknad om bygging av skogsbilveg kl III frå Varmekro til Geismyrane, med tilhøyrande bru over vassdraget. Avslaget grunngjevast med at den samla belastninga på naturmiljøet vert stor ved gjennomføring av prosjektet, tiltaket strir mot retningslinene i Heiplanen, og at økonomien i prosjektet ikkje står i høve til inngrepets konsekvensar for naturmiljøet i området.

## Vedtak i Formannskapet - 22.05.2024

### **PS 14/24 Uravstemming i KS – Hovedtariffavtale**

Fyresdal kommune stemmer ja i uravstemminga Forslag til ny Hovedtariffavtale.

### **PS 15/24 Sommaraktivitet for ungdom midlar til drift sommaren 2024**

Sommaraktivitet for unge er eit viktig tiltak, og Fyresdal kommune ynskjer å løyve kr 75.000,- til tiltaket, overføring fordelt slik:

Formannskapet's disponible fond, konto 1 112 kr 50.000,-

OKO utvalet sitt disp fond, konto 1 113 kr 25.000,-

Dette er løyving for i 2024 med minimal aktivitet.

Dersom løyvinga blir avkorta, blir tilbodet til dei unge tilsvarande redusert.

For å ha ein viss forutsigbarheit i planlegging av dette arbeidet, ber ein om at det vert innarbeidd kr 100.000,- budsjettet frå 2025 ved budsjetthandsaminga haust 24.

### **PS 16/24 Rekneskap 2023 - Fyresdal kommune**

Fyresdal kommune sitt årsrekneskap for 2023 vert godkjent slik den ligg føre.

**PS 17/24 Årsmelding Fyresdal kommune 2023**

Årsmelding for Fyresdal kommune 2023 blir teken til orientering.

**PS 18/24 Hydrogenvegen AS - potensielt medlemskap/medeigarskap**

Fyresdal kommune ønskjer ikkje å bli deleigar i Hydrogenvegen AS.

**PS 19/24 Saksframlegg søknad til Næringsfondet fra Start Opp Øvre Telemark**

1)Fyresdal kommune løyver kr 16 667 til re-etablering av Start Opp-nettverk i Øvre Telemark i 2024. Det er ein føresetnad at dei andre kommunane i nettverket støyr tiltaket.

2) Løyvinga hentast frå konto 1410.470 næringsfond med saldo kr 1 331 850 pr. 1. mai.

**PS 20/24 Saksframlegg søknad om tilskot frå Næringsfondet Fyresdal Skog og Ved**

Fyresdal kommune løyver 40 000 i etablerer tilskot til Fyresdal Skog og Ved DA. Løyvinga hentast frå konto 1410.470 næringsfond med saldo 1 331 850 pr. 1. mai.

**PS 21/24 Saksframlegg tilskot frå Næringsfond - Sporten Fyresdal**

Fyresdal kommune løyver 51 000 i tilskot til Sporten Fyresdal for investering til matvogn i regi av Kafe Hvelvet.

Ved avvikling eller sal av matvogn innan 5 år, skal tilskotet betalast tilbake.

Løyvinga hentast frå konto 1410.470 næringsfond med saldo 1 331 850 pr. 1. mai.

**PS 22/24 Saksframlegg tilskot Næringsfondet - Veum Sag og utleie**

Fyresdal kommune løyver 40 000 i etablerer tilskot til Veum Sag og utleie AS (org.nr: 933 119 041).

Løyvinga hentast frå konto 1410.470 næringsfond med saldo 1 331 850 pr. 1. mai.

**PS 23/24 Marknadsføring 2024 Reisemål Fyresdal**

Marknadsføring av reisemålet Fyresdal med fylgjande finansiering;

Kilde Beløp Næringsfondet 70 000

Timebank Visit Telemark 50 000

Prosjekt Turist 2024 50 000

**PS 24/24 Saksframlegg søknad om tilskot fra Næringsfondet – Landsbyovernatting**

Fyresdal kommune løyver kr 177 600 til piloten Landsbyovernatting, oppgradering av hus. Løyvinga hentast frå konto 1410.470 næringsfond med saldo kr 1 331 850 pr. 1. mai.

**PS 25/24 Opplev Fyresdal AS**

Fyresdal kommune støtter etablering av Opplev Fyresdal AS. FoodTruck-konseptet utsettast, men det bli arbeid vidare med lokalmatkonsept. Det løyvast kroner 250 000 til etableringa. Løyvinga hentast frå konto 1410.470 næringsfond med saldo kr 1 331 850 pr. 1. mai.

**[Vedtak i Kommunestyret - 30.05.2024](#)****PS 32/24 Årsmelding 2023 - Fyresdal Frivilligsentral**

Årsmelding for Fyresdal Frivilligsentral 2023 blir teken til orientering.

**PS 33/24 Rekneskap 2023 - Fyresdal Frivilligsentral**

Rekneskapet til Fyresdal Frivilligsentral 2023 blir teke til orientering.

**PS 34/24 Årsmelding Fyresdal kommune 2023**

Årsmelding for Fyresdal kommune 2023 blir teken til orientering.

**PS 35/24 Rekneskap 2023 - Fyresdal kommune**

Fyresdal kommune sitt årsrekneskap for 2023 vert godkjent slik den ligg føre.

**PS 36/24 Søknad om kommunalt tilskot til idrettsanlegg - ballbinge på Øyane**

Fyresdal kommune stør søknad frå Veum Grendelag om tilskot til ballbinge på Øyane. Tilskotet kr 300.000,- løyvast frå investeringsmidlar 2025.

**PS 37/24 Ny politisk behandling av selskapsavtalen 2024 IKA Kongsberg**

Kommunestyret i Fyresdal kommune godkjenner selskapsavtale for interkommunalt arkiv for Buskerud, Vestfold og Telemark IKS (IKA Kongsberg) 2024.

**PS 38/24 Rapport frå analyse av helse og omsorg Fyresdal kommune**

1. Kommunestyret tek den framlagte rapporten om PLO- analyse til orientering 2. Den framlagte rapporten vil vere med på å danne grunnlaget for arbeidet med helse- og omsorgsplanen i Fyresdal kommune 3. Det arrangerast ein strategi og fagdag for politikarar, hovudtillitsvalde, hovudverneombud og administrasjon saman med Agenda Kaupang. Strategi og fagdagen vil ha fokus på heilheitleg innsatstrapp og bustadtrapp som felles rammeverk og modellar for vidare planlegging og utvikling i Fyresdal.

**PS 39/24 Hydrogenvegen AS - potensielt medlemskap/medeigarskap**

Fyresdal kommune ønskjer ikkje å bli deleigar i Hydrogenvegen AS.

**PS 40/24 Vest-Telemark Brannvern IKS - revidering av selskapsavtale**

Kommunestyre i Fyresdal vedtek endringar i selskapsavtala til VTBV IKS, handsama i representantskapen 15.04.2024.

**PS 41/24 Klagehandsaming - deling av driftseining Øysæ gbnr. 73/3 og Sørums gbnr. 64/5**

Kommunestyret opprettheld sitt vedtak frå 21.03.2024 om å avslå søknad frå Håvard Hansen om å få dele Sørums gbnr. 64/5 frå Øysæ gbnr. 73/3 m.fl. Dette grunngjevast med at arealressursane på eininga Sørums/Øysæ ikkje vert tilstrekkeleg ivaretekne og at det ikkje er ei driftsmessig god løysing å dele eigedomane. Deling ivaretek ikkje omsynet til busetjinga i området. Vedtaket er gjort med heimel i jordlova §1 og 12, delegasjon frå Landbruks- og matdepartementet og delegasjonsreglementet til Fyresdal kommune.

**PS 42/24 Telemarkrøye AS emisjon**

Fyresdal kommune stiller seg positiv til emisjonen. Emisjonsbeløpet 350 – 550 000 skal takast av disposisjonsfondet. Varaordførar får fullmakt til å gjennomføre emisjonen.



## Kommuneinformasjonen blir digital!

Vi minner om at kommuneinformasjonen skal gjerast digital ifrå hausten 2024. Kommuneinformasjonen vil då ikkje lengre bli sendt ut til alle husstandane i kommunen, men leggst lett tilgjengeleg på nettsida til kommunen. Juli- og augustutgåva er den siste som blir sendt ut per post.

Vi har forståing for at det framleis vil vere nokon som ynskjer å lese kommuneinformasjonen på papir. Det vil bli trykt opp nokre eksemplar og lagt i næringshagen, på biblioteket, på helsehuset og på frivilligsentralen. Dei som ynskjer kan hente seg eit eksemplar ein av desse stadene. Heimesjukepleia vil også ha nokre eksemplar tilgjengeleg.

## Skuleruta med planleggingsdagar 2024-2025

Månad	Datoar	Skuledagar
August	Planleggingsdagar f.o.m. 12.august t.o.m. 16. august 2024) Skulestart måndag 19. august 2024	10
September		21
Oktober	Haustferie veke 41 (f.o.m. 07.oktober t.o.m. 11.oktober 2024)	18
November		21
Desember	Siste skuledag før jol: fredag 20. desember 2024	15
Januar	Planleggingsdag 3. januar 2025 Fyrste skuledag etter nyttår: måndag 6. januar 2025	20
Februar	Vinterferie (f.o.m. 17. februar t.o.m. 21. februar 2025)	15
Mars		21
April	Påskeferie (f.o.m. 14.04. t.o.m. 21.04.2025)	16
Mai	Fri: 1. mai Fri: 29. mai (Kristihimmelfarstdag) Fri: 30. mai (inneklemmt dag)	19
Juni	Fri: 9. juni Siste skuledag: fredag 20. juni 2025	14
<b>Sum</b>		<b>190</b>

Elevane skal ha 190 skuledagar.

## Frivilligsentralen i sommar:

- Sommarkafé kvar måndag kl. 10-14. Her serverast kjeks, frukt, kaffi og te.
- Strikkekafé tysdagar i oddetallsveker kl. 18.
- Røde Kors-bua på Meinstad har stengt i juli og august, men opnar att i september.
- Stolpejakta i gang og er open for alle! Fyresdal har to kart, eit for «Fyresdal sentrum» eit for «Fyresdal kommune».
- Utlånsentralen har telt, liggeunderlag, soveposar, stormkjøkken, fiskestenger, nokre slukar, stor sekk og ein robåt i Fyresvatn til utlån. For avtale om lån og utlevering av utstyr, ta kontakt på 94 87 36 40. I utgangspunktet er alt lån gratis, men om ting blir øydelagt eller mista, kan det medføre erstatningskrav.

## Psykisk helse og rus

Målet med tenestene er å bidra til å fremme sjølvstende og styrke evna til å meistre eige liv, samt å bidra til å bryte/motverke isolasjon og inaktivitet. Tilboda gjeld deg som har psykiske vanskar eller lidingar, og/eller rusrelaterede vanskar. Pårørande til personar med psykiske lidingar og/eller rusrelaterede vanskar kan og få tilbod om støttesamtaler.

### Slik kjem du i kontakt med kommunens psykisk helse-teneste:

- Send søknad om pleie- og omsorgstenester via kommunens heimeside.
- Be lege eller spesialisthelsetenesta (t.d. sjukehus eller psykolog) om å formidle kontakt for deg.
- Ring direkte til vakttelefon psykisk helse og rus, mobilnummer **97 56 15 74**. Telefonen er bemanna kvardagar måndag-fredag kl. 08.00-15.00. Ved akutt behov for hjelp på kveld, helg og høgtid må legevakt kontaktast på telefon 116 117.

### Kva skjer vidare?

- Etter oppmodinga blir det gjort ei vurdering, vanlegvis ei samtale med kartlegging, deretter vert ein einige om eventuelle tiltak.

### Tenesta omfattar mellom anna:

- Støttesamtaler, rettleiing og oppfølging i forhold til eigen livssituasjon.
- Heimebesøk/miljøarbeid.
- Samarbeid med andre aktuelle instansar som t.d. fastlege, Nav, Kvito og spesialisthelsetenesta.
- Rettleiing og tilrettelegging rundt busituasjonen.
- Støtte og hjelp i forhold til arbeid og daglege aktivitetar.
- Aktivitet i grupper kan bli aktuelt ut i frå behovet i brukargruppa.

Desse tilboda er vedtaksbasera. Dette tyder at du må søke om teneste. Tilbod blir så langt som råd tilrettelagt etter brukarane sine ynskje om aktivitetar innanfor dei rammene vi har. Tenesta er gratis.

### Lågterskeltilbod (tilbod som er ope for alle, og der det ikkje er behov for vedtak):

#### Måndagskafé på frivilligsentralen:

Kaféen er open kvar måndag kl. 10.00-14.00. Her møtast vi for ein hyggeleg prat. Vi fokuserer på trivsel, livskvalitet, samvær og meistring. Velkomen!

### Vis omsyn ved besøk til POS

Vi minner om oppmodinga om å vere heime dersom du er sjuk:  
Ver venleg å berre kom på besøk på POS dersom du er frisk.  
Vi minner også om at besøkande til POS skal bruke ringeklokka:  
Ring på og vent til personale kjem og tar deg imot.

## **Dagaktivitetstilbud på pleie- og omsorgssenteret**

Fyresdal pleie- og omsorgssenter har dagaktivitetstilbud for:

- Heimebuande personar med demens. Måndagar og onsdagar kl. 10-14. Tilbodet er gratis. Søkar må ha ei diagnose eller vere under utredning.
- Heimebuande eldre med nedsett funksjonsnivå. Tysdagar og fredagar kl. 10-14. Transport med fleksiruta til og frå pleie- og omsorgssenteret. Eigenandel på kr 105,-.

Dagaktivitetstilbodet som tilbydast skal bidra til å vareta deltakaranes funksjonar i dagleglivet, fremje livskvalitet og førebygge/reduere isolasjon og einsemd. I tillegg vil dagaktivitetstilbodet kunne innebere avlasting og støtte til pårørande.

Aktivitets- og kulturarbeidaren vil legge opp program som inneheld sosiale, kognitive og fysisk stimulerande aktivitetar. Både generelle og individuelle aktivitetar tilpassa.

Søknad om dagaktivitetstilbud skal gå til tenestekontoret.

Ta kontakt med Siv S. Seltveit på 35 06 71 65.

## **Frisklivstrening på fysioterapiavdelinga**

### **Måndagsgruppa/herretrim**

Måndagar kl. 13.15 på fysioterapiavdelinga. Styrke, stabilitet, balanse og kondisjonstrening. 45 min leia av fysioterapeut. Treninga er gratis og open for alle. Treng ikkje påmelding.

### **Tysdagsgruppa/dametric**

Tysdagar kl. 13.15 på fysioterapiavdelinga. Styrke, stabilitet, balanse og kondisjonstrening. 45 min leia av fysioterapeut. Treninga er gratis og open for alle. Treng ikkje påmelding.

### **Barsel-/gravid-trening:**

Fredagar kl. 12.00. Fokus på kjernemuskulatur og bekkenbunn, men også styrke, stabilitet og balanse. Hyggeleg og nyttig aktivitet for mor og barn og den gravide. Individuell tilpassing og vurdering. Påmelding på telefon 95 21 79 71.

**Har du spørsmål, er det berre å ringe oss! Velkomen på trening!**

Helsing fysioterapeutane ☺

**NB! Frisklivtreninga og barseltrimmen har sommarferie, men startar opp att som fylgjer:**

- *Herretrim: Måndag 2. september kl. 13.15*
- *Dametric: Tysdag 3. september kl. 13.15*
- *Barseltrim: Fredag 6. september kl. 12-13*



## RPH - Teamet

Frå venstre: Anne Lise Forberg, Henrik Eriksen, Mona Sofie Skafså, Ingunn Birkeland og Eva Margrethe Ellingsen.



### Kontakt oss på:

-  90670130  
Telefontid man-tors kl. 12-15
-  rph@vest-telemark.no
-  Brøløsvegen 47  
3840 Seljord

**Tilbudet er gratis. Du tar sjølv kontakt, utan henvisning frå fastlege.**

**For meir informasjon sjå nettsidene til din kommune.**

Vi er ingen akutteneste. Ved behov for akutt hjelp, ta kontakt med fastlege/ legevakt.

### Kven kan nytte seg av tilbudet?

Er kvardagen krevjande? Strever du med tunge og triste tankar? Føler du deg nedstemt? Står du i ei livskrise? Opplever du at stress, uro, sømnavanskar og bekymringar overveldar deg eller gjer det vanskeleg å fungere?

Hos oss kan du få hjelp utan lang ventetid, slik at problema ikkje utviklar seg.

Rask psykisk helsehjelp er eit lågterskeltilbod til deg over 16 år busatt i Vest-Telemark med symptom på mild til moderat depresjon, angst, sømnavanskar og begynnande rusproblem.

Tilbudet bygger på kognitiv terapi, som er ein godt dokumentera behandlingsmetode for psykiske vanskar. For å ha god nytte av tilbudet er det viktig med eigeninnsats.

### Til deg som er i målgruppa tilbyr vi:

- Undervisningsbasera kurs
- Assistert selvhjelp
- Gruppebehandling
- Individuelle samtaler

Dei fleste vil få tilbød om kurs eller assistert selvhjelp. Nokon kan i tillegg ha behov for kortvarig behandling i gruppe eller individuelt. Saman bestemmer vi kva for tilbød som vil passe deg.

**Ta gjerne kontakt for å høyre om dette kan vere eit tilbød for deg.**



Rask psykisk helsehjelp er eit tverrfaglig sammensatt team i Vest-Telemark med brei og god kompetanse. Alle har lang erfaring med å jobbe med psykiske helseutfordringer i kommune- og spesialisthelsetenesta. Alle tilsette har utdanning innafør kognitiv terapi.

Kontoradressa vår er i Seljord, men vi disponerer kontor i alle kommunane i Vest-Telemark. Vi har og moglegheit for video-konsultasjonar.



Velkommen innom for dagens avis, vekeblad og tidskrifter. Har du bokynskje som ikkje finst i samlinga, kan vi i regelen skaffe disse frå andre bibliotek. På **nettsida** til Vest-Telemark biblioteka kan du kan logge deg inn for å finne eller fornye bøker. Du kan også besøke “Fyresdal bibliotek” på Facebook.

Biblioteket er **sommarstengt** i veke 29, 30, 31 og 32.

Bjørnungane i barnehagen og barna frå 1. til 7. klasse kan vere med på **Sommarles-kampanjen** og hente kodeord og premiar på biblioteket.

Utpå hausten skal det innførast ‘**meiroppe bibliotek**’. Då kan lånarane over 16 år etterkvart bruke biblioteket i ubemanna opningstid. Det kjem meir informasjon når vi nærmar oss denne tida.

#### Skjønnlitteratur vaksne

Ahndoril, A	Jeg kommer til å finne nøkkelen	Edvardsen, P	En velskapt pike
Ahndoril, A	Jeg lukker øynene og ber	Eger, E E	Valget du har
Alakoski, S	Londonjenta	Eike, I	Vi er brødrene Eikemo
Andersen, U C	Bli litt til	Engman, P	Bestselger
Andersen, Y	Besvergelseser	Engman, P	Ildlandet
Angelsen, T	En ny tid	Engman, P	X
Audur Ava Olafsdottir – Eden		Eriksson, K	I begynnelsen var mødrene
Baldacci, D	Et spørsmål om skyld	Fjeldbraaten, I	De andres liv
Baldysz, M	Fallgard	Gellein, H	Aldri være trygg
Balle, S	Om utregning av romfang	Gendry, K	Ugress
Bakkeid, H T	Sorgsankeren	Gosling, S	Huset under klippen
Barratt-Due, E	Ut i det fremmede	Grimaldi, V	Et godt liv
Bech, G	Farskipet	Hagen, F	La det bli / En ensom tid
Blake, M	Anna O	Halvorsen, K	Superbruker
Blok, M	Historier fra Ukraina	Hislop, V	Arven
Blædel, S	Elins død	Hoem, E	Husjomfru
Boone, E	Tavlefyellene: noveller	Horizon, K d I	Blodbok
Bortoluci, J H	Det som er mitt	Houm, N	Hver torsdag klokken nitten
Bottolvs, B	Et telt i skogen	Hyde, C R	En helt vanlig gutt
Bringa, E E	Snart er eg natt	Jacobs, A	Arven fra tekstilvillaen
Brooks, G	Maud Martha	Jensen, J H	Pilegrim
Bull-Hansen, B A	Valrav	Jimenez, S C	Morgenrødens blod
Carlsson, C	Levende og døde	Johannesen, K	Om tankane og fortidsrommet
Coben, H	Eg finner deg	Johansen, E B	I skyggeland
Cohen, J	Familien Natanyahu	Johnsen, B	Amygdala
Colgan, J	Sommer over skyene	Karlsvik, M	Året har tretten netter
Dahle, G	Oransjeriet	Keegan, C	I seneste laget – historier om kvinner og menn
Dangarembga, T	Alt jeg ikke er	Kennedy, L	Overtredelser

Kenny, A	Mysteriet ved Lake Evelyn	Oskamp, K	Marzahn, mon amour – en fotpleiers fortellinger
Kjærstein, I	Austvestpassasjen	Paramalingam, R	Susanna, alene
Kok, A M	Pavlos puslespill	Pedersen, H T	Jeg skal hente deg
Kolstø, H	Psykopatmusikk	Persson, G	I dine hender
Korsgaard, T	En måtte nok ha vært der	Poppy, E	Iggy
Lagergren, T S	Matoma – aldri god nok	Rimmer, K	Den tyske hustruen
Lane, S	Den kubanske datteren	Robertsen, H H	Upraktisk kjærlighet
Langeland, H H	Makten og æren	Sarraute, N	Portrett av en ukjent
Laestadius, A H	Straff	Schwarzenbach, A	Vener av Bernhard
Lesjø, M D	Normal hverdag med økt beredskap	Scott, N	Livet jeg stjal
Lilleby, F	Norges fremste Thomas Mann-ekspert	Selmer, S S	YOLO – en bok med to sider
Lindmo, A	Min tur	Semb, J	Ondt i sinne
Lorentzen, J O	Aurefiske på Eigerøy: noveller	Skjeldal, R	Kalk og fuktig sol
Mackintosh, C	Den siste festen	Skybäck, F	Dagbokens hemmelighet
Mesna, M	Sluke verden hel	Stensrud, S L	Ting du kan røre
Meyer, A M	Løfter om kjærlighet	Sæther, W	Et essay i gud
Morris, H	Søstre i soloppgang	Sævareid, H	Positurene
Mossige, L J	Eels have	Teie, M	Jeg kan ikke trylle
Murakami, H	Byen bak muren	Torgersen, B	Ete jord
Mørk, S	Det fraværende	Tutschaninoff, M	Arvejord
Nielsen, A	Syv armer – den tredje boken om journalist Ole Bull	Tveiten, K	Nålehuset
Nilsen, M	Ordene	Vego, K	Sent på dagen
Nettel, G	Sjelden fugl	Vestgård, A L	Lidenskapens pris
Næss, S P	Løvinnen	Vestgård, A L	Svik og håp
Nygaard, S H	Perfekte forbrytelser finnes ikke	Webb, K	Begravd i løgn
Nygårdshaug, G	Skomakeren	Zabuzjko, O	Museet for etterlatte hemmeligheter
Nylund, K	Den som er uten synd	Øen, M	Merdø
Olsen, P G	Til marginen	Aasvik, S	Visne dikt
<b>Faglitteratur vaksne</b>			
Berntsen, E	Strikk med restegarn	Lund, M S	Cybermakt – en tverrfaglig innføring
Bitsch, A	Mellom menneske og manus – følelser, etikk og metode i litteraturen	Malik, K	Ikke helt svart-hvitt
Bjøranger, T	Æresrelatert kriminalitet	Malik, S	Munnu – en gutt fra Kashmir
Brandvol, I	Fitte & diesel – russens egne historier	Malm, A	Hvordan sprengte en rørløsning
Don Martin	Kan du høre byen puste ut	Melby, C K	Europas historie siden 1815
Dypvik, A S	Den kortaste historia om Tyskland	Mukasonga, S	Den barbeinte kvinnen
Emanuelsen, B	Før de forsvinner – et forsøk på å forstå hva barn er	Møllerhaug, N H	Farmors og farfars krig
Eriksen, S G	Oversatt litteratur i middelalderens Norge	Nazari, A	Etter Tampa – fra Afghanistan til New Zealand
Granbo, B A	Lærdommen fra Y-blokken	Oksanen, S	Putins krig mot kvinner
Graver, H P	Tukthuslovene – sivil ulydighet og trusselen mot rettsstaten	Orning, H J	En reise til Roma – Nikolas Bergsson
Halland, M	Småbarnsforeldre – alt du trenger å vite om barnets utvikling og helse	Paasche, M	Søvn og lykke – norsk kunst og det moderne gjennombruddet
Halldorf, J	Bokens folk – papyrus til pikslar	Petterson, A	Over horisonten – Nordkalotten
Iversen, M H	Skjermtid – nødhjelp til frustrerte foreldre	Refseth, J S	Tøffere enn du tror
		Rosa, H	Akselerasjon og resonans – livet i senmoderniteten
		Rushdie, S	Kniv – refleksjoner etter et drapsforsøk
		Røed, H	Erik Brofoss – strateg og samfunnsbygger

Strand, C	Hva hvis – min reise for å finne meg selv	Valsø, J	Det ordner seg – sju steg til å overleve småbarnslivet
Sæther, V	Møllergata 19: Gestapos fengsel	Wilde, O	Kritiske essays
Telneset, M	Mamma med god samvittighet	Ylvisåker, L N	Annleislandet Svalbard
Tunnsjø, Ø	Kampen om verdensmakten -USA og Kina in det 21. århundret		

### Skjønnlitteratur barn og unge

Akerlie, I	Lars er lol	Lamøy, C	Liket i myra
Auganes, G S	Katteskraket	Lauritzen D O	Nordlys
Bjærbo, L	Vanskelige jenter	Lindmo, A K	Edderkoppens dronning
Bjørhei, E B	Døden i Munkemyra	Lindmo, A K	Underjordisk oppdrag
Borge, N	Jakob på vippepunktet	Lindmo, A K	Vampyrer og demoner
Bringsværd, T	Å La oss velte hele byen	Lyng, S	Den store boken om Corny
Brochmann, G	Pepperkakehuset	Mjelde, C	Felix har følelser
Bross, H	På svømminga	Mæhle, L	Stormen
Bross, H	Se, en kanin	Nedrejord, K	Alt for flokken
Carter, R	Spøkelset, jenta og navnet som forsvant	Næsheim, K	Fantus og verktøyene
Dahlgren, H	Legenden våkner	Ostertang, M K	Midtvintersheksa
Dahlgren, H	Mørket faller	O'Neill, K	Tedrefestivalen
Dannevig, K G	Alle kosedyra har navn, untatt esel	Otterlei, C	Byttedyr
Duedahl, M	Mo får ein rå bil	Phoenix, H L	Jakten på den røde stjerne
Dugomier, V	En splittet nasjon	Pilkey, D	Når villdyret våkner
Eide, T	Pappabatteriet	Pilkey, D	Hundemannen og Superpus
Elvedal, A	Spøkelsesstasjonen	Pilkey, D	Loppenes herre
Erslund, B A	Bursdagsfesten	Piratar	
Erstad, V	Saga og Storm og kongens fortjenestemedalje	Rundberg, J	Blodspakten
Flote, E A W	Utveg	Rørvik, B F	Ridderne og det store blået
Gazotti, B	Protektorene	Schau, K	Bæsien som trodde det var en promp
God natt!		Sirett, D	Venner på gården
Gårdsvenner – min første ta-og-føle-på bok		Sjødal, N A	VM i løgn
Hammer, A S	Mille og Mille i stramme tøylar	Skadberg, Å	Motor-Tor
Heivoll, G	Den siste keiser	Solheim, T E	Eg er V-vida
Henriksen, H	Sana og øynene	Sotberg, V	Nekromanseren
Homme, A L V	Gigabrør	Strid, J M	Flyveboka – reisen til monsterøya
Horst, J L	Jakten på Trolløyet	Svingen, A	Bror
Houm, N	Atmosfærebarna 2 – De fremmede	Torkildsen, T	Jernvilje
Josefsen, F S	Korpset som tok til høyre i stedet for til venstre	Totland, A	Gunnars rekordbok
Kahrs, J L	Noor og mysterieklubben	Unstad, E V	Død-og-dalbane
Kemp, A	Verdens verste prinsesse	Våhlund, E	Håndbok for superhelter - En ny venn
Kibuishi	Steinvokterens forbannelse	Ville dyr – ta-og-føle-på	
Kil meg! – ta-og-føle-på		Walliams, D	Megamonster
Kinney, J	Bruk huet!	Walliams, D	Ufogutt
Kiofsky, M	Ny bil!	Wegelius, J	Den falske rosen
Klapp kjæledyrene		West, T	Månedragens reise
Kolerud, A	Ivar får ansvar	West, T	Isdragens frost
Kolomycka, B	På fire bein	Aamundsen, N R	Maria, Maria
Krag, A K	Aldri bedre	Åstot, M B	Sommerfuglhjerte

### Faglitteratur barn og unge

Cook, L	24 timer i steinalderen
---------	-------------------------

Ek, E	Jeg dyrker selv: inne, på balkongen og i hagen	Hansen, A	Hjernehjelp – forstå følelsene dine bedre
Hansen, I M	Minecraft boken	Holberg, E	Steinalderen: 10000 år gamle tyggisar og hovudskallar på stong

### Dikt og skodespel

Aischylos	Asylsøkerne	Indreeide, E	Det er naturleg å vere menneske – vegen til Geiranger
Bergquist, K	Varmere, nærere, åpnere, breiere	Lugn, K	Hei så lenge, ha det bra!
Elmi, A	Barbar	Lundberg, J	Salamanderhånd
Espedal, T	Marie min	Lygre, A	I vårt sted
Fosse, J	Einkvan	Nilsen, L	Til du blir snill: diktroman
Haugane, K	Kråkesang	Ny amerikansk poesi 2	
Hekne, I M D	Vi fødte aldri de barna	Rivlin, T	Stor oppstandelse
Hoftun, G	Månelandinga	Shakespeare	Romeo og Julie
Hussain, M	Hjertet er ei rabiat bikkje	With, A	Eplet, nesten
Hæggernes, K S	Nattens ryggrad		

### Opningstider:

Tysdag kl. 10.00-15.30  
 Onsdag kl. 14.00-20.00  
 Torsdag kl. 12.00-15.30  
 Fredag: kl. 10.00-15.30

### E-post:

[kari-kristina.eidam@fyresdal.kommune.no](mailto:kari-kristina.eidam@fyresdal.kommune.no)  
[biblioteket@fyresdal.kommune.no](mailto:biblioteket@fyresdal.kommune.no)

### Telefon:

35 06 71 21

### Nettside:

<https://vest-telemarkbiblioteka.arena.axiell.com/>

### Sommerles:

<https://sommerles.no> eller *lesekort* på biblioteket

Utanom opningstid kan du levere bøker i den svarte kassa utanfor inngangen.



## Rehabilitering og ombygging av samfunnshuset

Som dei fleste kjenner til, er samfunnshuset under rehabilitering. Her kjem litt informasjon om det vi veit no.

Vi byter namn, Fyresdal samfunnshus blir til Fyresdal kulturhus!

### **Storsalen:**

Vi har fått uttrekkbart amfi på plass. Salen kan brukast med enkelt lydutstyr, og til kino. Tidleg haust blir arbeidet med lyd, lys og sceneteknikk iverksett, ferdigstilling veit vi ikkje enno. Det vil bli periodar her, kor storsalen ikkje kan brukast.

### **Veslesalen:**

Er ferdig rehabilitert, og kan brukast som vanleg.

### **Oppussing av gang og ombygging av toalett:**

Det er planlagt nye toalett, med tilgang utanfrå, og oppussing av foaje. Vi får lagt dette ut på anbod i løpet av september, så det blir sein haust, eventuelt vinter 24/ 25, før dette blir ferdig.

### **Meiroppe bibliotek:**

I løpet av hausten skal vi innføre «Meiroppe bibliotek». Meiroppe bibliotek er eit tilbod der lånar over 16 år kan få tilgang til biblioteket utanom ordinære opningstider. Ein må inngå ein avtale med biblioteket for å få tilgang til meiroppe. Det er mogleg det blir endring i opningstidene etter innføring av meiroppe bibliotek. Det kjem vi eventuelt tilbake til.

### **Bookingsystem og leigeavtaler:**

Vi jobbar no med nye leigeavtaler og bookingsystem, og reknar med å få dette på plass i løpet av hausten.

Vi planlegg så vidt det er ein offisiell opning, men vil vente med den til heile huset er ferdig, så det kjem vi tilbake til.

Mvh Kulturavdelinga



# Frist for å søke momskompensasjon 15. august

## Momskompensasjon 2024

### Til alle særkretsar, regionar, idrettsråd og bedriftsidrettslag

Det er nå opna for ein ny runde med momskompensasjonssøknadar.

Informasjon (inkludert rettleiar) om ordninga er lagt ut på våre nettsider:  
<https://www.idrettsforbundet.no/klubbguiden/momskompensasjon/>

Alle idrettslag har allereie mottatt informasjon vedrørende ordninga, og særforbund og idrettskretsar får tilsvarende informasjon nå.

Alle organisasjonsledd, inkludert idrettsråd, regionar, særkretsar og bedriftsidrettslag, skal i år (som tidlegare år) søke om momskompensasjon i SportsAdmin.

Organisasjonsledd som har brutto driftskostnader på under kr 5 millioner i 2023 treng ikkje å innhente ein eigen revisorattestasjon. Organisasjonsledd med brutto driftskostnader **over** kr 5 millioner i 2023 må innhente eigen revisorattestasjon til søknaden. Aktuell mal finst i SportsAdmin.

**Søknadsfrist er 15. august 2024.**

Ev. spørsmål vedrørende momskompensasjonsordningen sendast til  
[moms@idrettsforbundet.no](mailto:moms@idrettsforbundet.no)

**Det er ingen endringar i ordninga frå 2023 til 2024.**

Idrettsråd og særkretsar må sende søknad frå [SportsAdmin](#). Idrettslag sender sin søknad frå [KlubbAdmin](#).

NORGES  
IDRETTSFORBUND



# SOMMARAKTIVITETAR

Hei!

I sommar skal Eirik og Mirja sette i gang sommaraktivitetar for kommande 8.trinn og oppover. Vi skal gjere mykje moro, her er ein oversikt:



	MÅNDAG	TYS DAG	ONSDAG	TORS DAG	FREDAG	LAUR DAG
VEKE 26	24.JUNI	25.JUNI Klubbkveld på samfunnshuset kl. 15-22	26.JUNI	27.JUNI Overnattingstur i hengekøye på Stykkjevika, med pizza og mykje kos! (Om det blir dårleg vær flyttar vi oss inn) Meir informasjon kjem	28.JUNI	29.JUNI
VEKE 32	5.AUGUST Tur til trampolinepark i Larvik! Meir informasjon og påmelding kjem	6.AUGUST Klubbkveld på samfunnshuset kl. 17-22	7.AUGUST	8.AUGUST Beachday på brygga! meir informasjon kjem!	9.AUGUST Klubbkveld på samfunnshuset kl. 15-22	10.AUGUST
VEKE 33	12.AUGUST	13.AUGUST Paintball og bading! Meir informasjon og påmelding kjem	14.AUGUST	15.AUGUST Klubbkveld på samfunnshuset kl. 17-22	16.AUGUST Fisketur med overnatting med Fyresdal jakt- og fiskelag. NB! Frå kommande 5.klasse og oppover - meir informasjon kjem.	17.AUGUST

Alle aktivitetar er heilt gratis! Dette inkluderar også trampolinepark og all mat!

Vi håpar det er mange som blir med, slik at tilbudet blir best mogleg!



Om det er spørsmål må de gjerne sende melding:

Mirja tlf: 40102590 eller  
Eirik tlf: 97470075

Ungdommane, eller føresette, kan også nå oss på instagram. Her vil vi legge ut informasjon og påminningar



@SOMMARAKTIVITETAR

# INFORMASJON FRÅ KULTURSKULEN

## Neste skuleår 2024/2025

Kulturskulen startar opp att veke 35 – 26. august.  
Veka etter skulestart.

For at vi skal kunne planlegge eit så godt tilbod som mogleg til så mange som mogleg neste skuleår, er vi avhengig av tilbakemeldingar frå dykk foreldre – i god tid før oppstart av kulturskuleåret.

**Dette gjeld spesielt der vi har gruppetilbod, det vil seie kunst og handverk og dans og turn.**

DANS OG TURN	MÅNDAGAR	16.00-18.00
KUNST OG HANDVERK	TYSDAGAR	14.15-15.30 (4. og 5. trinn)
	TYSDAGAR	16.00-17.15 (6. trinn og oppover)

**Kor mange og kva slags grupper, er avhengig av tilbakemelding frå dykk.**

Alle som har **tilbod på desse gruppene** i år, må gje tilbakemelding om dei ynskjer å halde fram neste skuleår. Dette må gjerast i appen på Speedadmin eller på heimesida til kommunen, inntak/opphøyr kulturskulen så snart som mogleg.

**Frist for opptak og oppseiing av individuell plass i kulturskulen er 1. juni, men vi har nokre få ledige plassar, så det er enno mogleg å søkje!**

Ein kan søkje via heimesida til kommunen, under kultur, søknad kulturskulen. Dei som har **individuell** undervisningsplass har denne til den blir sagt opp skriftleg (via heimesida). Alle barn frå 6 år og oppover kan søkje på individuell undervisning.

Eg oppmodar alle til å søkje inn i kulturskulen så tidleg som mogleg, slik at vi kan få lagt gode timeplanar, som femnar så mange unge som mogleg.

Helsing kulturskulen ved Hilde



## **FYRESDAL JUNIORKLUBB**

**Skal vere ein attraktiv og uformell møteplass for barn og unge frå 5. klasse.**

På Juniorklubben er det mogleg å få mat, vere sosial og delta i varierte aktivitetar. Men det treng ikkje nødvendigvis å skje så mykje, det viktigaste er å ha ein arena der ungdom kan samlast på sine eigne premisser. Noko av det viktigaste med klubben er at det er vaksne til stades for og med ungdomen.

### **Lokale:**

Juniorklubben held til i Fyresdal samfunnshus.

### **Juniorklubben:**

Open onsdagar frå kl. 14.00 til 20.30 (brukarar frå 5. klasse og oppover). Opnar første onsdag etter skulestart og følger skuleruta. Middag kl. 14.00 (kostar kr 20,-). Dessert kl. 17.00 (kostar kr 10,-).

### **Aktivitetar som dei kan gjere på klubben:**

Bordtennis, biljard, fotball, pc, div. spill, tv, musikk, PS3, WII, bable, osv.

### **Turar:**

Er forbeholdt Ungdomsklubben, men blir gitt ut spesifikk informasjon viss juniorklubben blir invitert.

### **Personalet:**

Klubbleiar: Svein O. Slyngstad, mob. 99225709 , e-post [svein.slyngstad@fyresdal.kommune.no](mailto:svein.slyngstad@fyresdal.kommune.no).

Klubbarbeidarar/læringar: Lena Mari Storøygard (Juniorklubben).

### **Klubbstyre:**

Ikkje styre for tiden. Har allmøte innimellom.

### **Generelle reglar:**

Klubben skal vere ein trygg arena for barn og ungdom. Derfor har vi nokre generelle reglar som barn og ungdom må forhalde seg til:

Klubben skal vere:

- rusfri
- fri frå mobbing/trakassering/religion
- open for alle

### **Generell info til føresette:**

Vi som jobbar på klubben har ansvar for det som skjer på klubbens område. Klubbens område er samfunnshuset og området rundt huset. Vi har ikkje ansvar for å halde dykkar born på området. På grunn av dette er det viktig at de fylgjer med på kva borna/ungdommen driv med.

Born under 5. klasse har dei ikkje høve til å vere på klubben.



Verken klubben eller biblioteket er ei frisione der ein kan sleppe ungane lause utan tilsyn (gjeld dei under 5. klasse). Håpar at alle føresette har forståing for dette sidan vi har mange barn/ungdom å ta omsyn til.

Dersom det noko de lurar på, ynskjer å informere om eller gje ris eller ros, er det berre å ta kontakt.

Med dette ynskjer vi alle nye velkomen til juniorklubben!

Beste helsing Svein Slyngstad, klubbleiar



**Ungdomsklubben startar opp 23. august.**



**Juniorklubben startar opp 28. august.**

## UTLEIGE AV MOBIL SCENE FRÅ FYRESDAL KOMMUNE

Fyresdal kommune har mobil scene til utleige.

Den er kjøpt inn for at vi skal ha glede av den i Fyresdal, men den blir også leigd ut ein del til andre kommunar, og her er det etter kvart blitt stor etterspurnad.

Vi vil oppmode alle i Fyresdal til å leige scenen, slik at vi ikkje ender opp med å administrere ei mobil scene som i hovudsak blir nytta andre stader.

Det kostar berre kr 3 000,- for bruk i Fyresdal (dette er veldig billig). Scenen blir frakta til staden og montert klar til bruk. Leigetakar må stille med ein person som hjelper til med opp- og nedrigg.

Det er Equitrans som driftar scena for Fyresdal kommune.

### Scenemål:

*Breidde: 8 m*

*Djupt: 6 m*

*Høgde mellom golv og tak: 4 m*

*48 kvadratmeter*

*Scenegolvhøgde: 1 m*

*Total høgde: 5,5 m*

*«Vindnet» inndekning bak og på sidene*

*Vindduk i front av scenegolv*

*Gelender*

*Trapp*

*"Gangstercaps" i front av tak*

*2 scenemoduler 30 cm*

*2 scenemoduler 60 cm*



*Scenetakets bæreevne er 800 kg.*

*Kraftig sveivesystem for å løfte opp taket.*

*50 mm trosserør i taket.*

Vi håpar at scenen vil bli mykje bruka i Fyresdal i sommar!

Er du interessert i leige, tak kontakt med Tarjei Skålid i Equitrans på mobil 99 58 29 70.

Helsing kulturavdelinga



## KONTINGENTKASSE - INFORMASJONSBREV

Fyresdal kommune innførte denne ordninga i 2019. Etter ei evaluering blei det bestemt å vidareføre ordninga. Ordninga er eit tiltak mot barnefattigdom.

Søknadar handsamast etter kvart som dei kjem inn (ingen søknadsfrist), og midlane delast ut til kassa er tom. Ordninga administrerast av avdeling kultur, kontaktperson er Hilde Martini Momrak.

**For kven:** Barn og unge i alderen **6 år til dei er ferdige med vidaregåande skule**, som kjem frå familiar med låg inntekt.

**Kva gjevast det stønad til: kontingentar, aktivitetar og utstyr** til enkeltpersonar slik at barn og unge i familiar med låg inntekt kan delta på **organiserte fritidsaktivitetar**.

**Kor mykje:** Inntil kroner 3.000,- i tilskot pr. person pr. år som ein eingongsstønad.

I særskilte tilfelle kan det gjevast ytterlegare stønad til t.d. deltaking i lag turneringar, cupar og leirar.

**Kven kan søkje (på vegne av barnet):** Det er bare laget/organisasjonen (idrettslaget, korpset, koret, lokallaget etc.) som kan sende søknaden til kommunen etter vurdering av behov for søknad. Ressurspersonar som arbeider i kommunen, eksempelvis helsesjukepleiar, miljøterapeut, barnevernstenesta m.m. kan også søkje. **Barnet eller familien kan ikkje sjølv søkje.**

### **Krav til søkjar:**

Den som søker har ansvar for å fylgje opp at barnet/ungdomen deltar i aktiviteten det er søkt stønad til. Det betyr at den som søker skal hjelpe barnet til å hugse på/kome seg til aktiviteten i starten, ikkje at den vaksne må fylgje barnet på alle aktivitetane. Oppfylginga kan og vere å sjekke at kontingenten er betalt eller liknande.

Det er den som søker som må vurdere om familien er i ein slik situasjon at eit bidrag frå kontingentkassa vil vere avgjerande for om barnet kan delta på ein aktivitet eller ikkje. (Kontingentkassa er ikkje meint å vere eit handslag til lag og organisasjonar som har trøbbel med å inndrive kontingent). Det er barnet sitt eller familien sin situasjon som er avgjerande.

**Krav til søknaden:** Vedlagte søknadsskjema må nyttast. Ver nøye med å fylle ut heile søknadsskjemaet, og hugs å leggje ved eventuelle fakturaer, kvitteringar eller liknande, dersom det er mogleg.

**Spørsmål om ordninga:** Ta kontakt med Hilde Martini Momrak, 952 70 905.

Beste helsing  
Fyresdal kommune  
Avd. kultur  
Hilde Martini Momrak

**Vedlegg:**  
Søknadsskjema Kontingentkasse



## SØKNAD OM TILSKOT FRÅ KONTINGENTKASSA

Gjeld søknad om tilskot til kontingent og/eller utstyr til barn og unge frå 6 år og ut vidaregåande skule. Det gis inntil **kr 3.000,-** i tilskot per person per år. Den som søker **vrderer** om familien er i en slik situasjon at dei ikkje kan dekke dette sjølv. Søker fyller ut søknaden og signerer.

Kven søker (instans) ..... Tlf:.....

Kven fylgjer opp tiltaket: ..... Tlf: .....

E-post:.....

Barnets/ungdommens namn:..... Alder:.....

Adresse:.....

Namn føresette:..... Tlf:.....

Adresse (føresette):.....

Kva søkjast det til?.....

Kontingent /aktivitet: kr..... Innkjøp av utstyr: kr.....

### **Kvittering eller dokumentasjon skal helst leggjast ved.**

Dersom fakturaen allereie er betalt av barnets føresette (og denne skal ha refusjon for betalt faktura), må bankutskrift/kvittering som dokumenterer dette leggjast ved søknaden.

Namn på kontoinnehavar:.....

Kontonummer:..... Fødsels- og personnr:.....

NB. For å få utbetalt tilskotet til en privatperson, må vi ha fullt fødsels- og personnummer, 11 siffer.

**Eg stadfestar å ha lest informasjonsbrevet som fylgjer søknadsskjemaet**

Søkjars underskrift..... Dato:.....

NB: Føresette skal vere informert om søknaden.

**Søknaden sendast til: [postmottak@fyresdal.kommune.no](mailto:postmottak@fyresdal.kommune.no), eller Fyresdal kommune, Klokkarhamaren 6, 3870 Fyresdal.**

**Vi gjer merksam på at svarbrevet sendast direkte til organisasjonen via Altinn.**

Spørsmål kan rettast til Hilde Martini Momrak, på [hilde.momrak@fyresdal.kommune.no](mailto:hilde.momrak@fyresdal.kommune.no) eller 952 70 905.



## FYRESDAL KOMMUNE

1. Fyresdal sentrum
2. Hauggrend
3. Fardal
4. Åslandsgrend
5. Kilegrend

17.08.2022

RUTENAMN	KØYREDAGAR	ANKOMST	RETUR FRÅ	TRANSPORTØR	PÅMELDING
1 Fyresdal sentrum*	Tysdag og fredag	Skulen/POS kl 10.00	Skulen/POS kl. 13.10	Karl Rune Hansen	Tlf. 97 76 02 02
2 Hauggrend	Fredag	Sentrum kl 10.00	ICA Mat kl. 13.10	Karl Rune Hansen	Tlf. 97 76 02 02
3 Fardal	Fredag	Sentrum Avtalast	Sentrum Skuleskys kl. 14.00	Georg Vik	Tlf. 97 71 71 07
4 Åslandsgrend	Tysdag og fredag	Skule/POS Skuleskys kl. 08.20	Sentrum kl.10.00	Karl Rune Hansen	Tlf. 97 76 02 02
5 Kilegrend	Fredag**	Skulen/POS kl. 10.00	Skulen/POS kl.13.10	Georg Vik	Tlf. 97 71 71 07

\* Ruta er innstilt i joleferien, påskeferien og skolens sommarferie  
\*\* Ruta går fredagar partalveker

#### HER KØYRER FLEXIRUTER

- Fyresdal sentrum** Skåremoen – Hegglandsgrend – Skulen/POS – Prærien – Sentrum – Sørbygda – Skulen/POS
- Hauggrend** Hauggrend – Liegrend – Veum – Spokkeligrend – Hegglandsgrend – Sentrum
- Fardal** Birtedalen – Breivik – Fardal – Sentrum
- Åslandsgrend** Åslandsgrend – Prærien – Skulen/POS
- Kilegrend** Kilegrend – Momrak – Sentrum – Skulen/POS



Flexiruter er bestillingstransport frå heimen til sentrum og heim igjen, og er en del av det ordinære kollektivtilbodet.

Tilbodet er åpen for alle, men er særlig tilpassa for reisande som ikkje har tilgang til eigen bil, har avstand til næraste holdeplass eller bur i område det er lite eller ikkje kollektivtilbod.

Flexirutene køyrer heile året, men ikkje på heilag dagar. Bagasje og anna utstyr kan takast med så langt bilen har kapasitet. Dersom bilen ikkje har plass til alle påmeldte, køyrer transportøren ein ekstra tur. Dei som melder seg på etter fristen kan bli med om det er plass, men det vert ikkje køyrd ekstra tur.



**35 kr**  
Pris kvar veg



Har du spørsmål om tilbodet, ring Siv Skeimo Seltveit  
tlf. 35 06 71 65

## Påmelding

Du må melde deg på innan kl 20 dagen før til oppgjeve telefonnummer på side 2.

Treng du ekstra service må du melde frå om dette ved påmeldinga.

Gje beskjed om du skal ha med rullator/rullestol.

Ynskjer du å bli henta heime og køyrt tilbake til heimen, må du si fra om dette ved påmeldinga. Ved påmeldinga får du beskjed om tidspunkt for avgang/henting.

**Alle flexi -og skoleruter tek med ordinære reisande.**



**Vestfold og Telemark**  
FYLKESKOMMUNE

Side 3



Kontoret i Fyresdal har ikkje faste opningstider.  
Du må ringe på førehand for å avtale tid.

Ring gjerne kundeservice på tlf. 38109200, denne er døgnaopen.

Margit Lund: 95759347

Du kan og ringe vårt kontor i Åmli:  
Siv Anita Austenå, tlf. 91365149  
Knut Olav Ufsvatn, tlf. 97176197 (ferie i veke 28)  
Lena Hansen, tlf. 97516620 (ferie veke 29-30-31 og 32)  
Ellen Skansen, tlf. 97994238 (ferie veke 28-29-30 og 31)

Har du giroar eller rekningar som skal betalast, kan du skrive kontonummer, signere og legge dei i postkassa ved inngangen til banken. OBS. I ferievekene må dei sendast i konvolutt til Sparebaken Sør Åmli, Gata44, 4865 Åmli.

Kontoret har ikkje kontanthandtering. Du kan ta ut og setje inn pengar i butikk.

**Feriestengt:**

**Frå 8. juli til og med 5. august vil det vere feriestengt i avdeling Fyresdal.**



**VELKOMEN TIL KAFÉ HVELVET**  
Telefon 98 42 75 21

**SPORTEN**  
FYRESDAL

VELKOMEN INNOM FOR EIN  
TRIVELEG HANDEL 😊



Telefon 92 08 58 92  
E-post [sigrunn@sportenfyresdal.no](mailto:sigrunn@sportenfyresdal.no)



## Tren i sommerferien hos Groven Fitness!

Drop in 1 dag, 1 uke, 2 uker eller kanskje ett par måneder? Hos oss kan du kjøpe medlemskap som passer ditt behov i sommer

[www.grovenfitness.no](http://www.grovenfitness.no)  
[post@grovenfitness.no](mailto:post@grovenfitness.no)



**Wenches terapi**  
Telefon 95 17 74 18

MARIA FRISØR  
tlf 90500754



**MERLEYN**  
personlige og annleis gåver

Judith - 91641202

 Merleyn  gallerimerleyn

[www.merleyn.no](http://www.merleyn.no)

## Vest-Telemark Design as

- Din lokale hjelp med alt innen grafisk utforming -

- Trykksaker - Digitaltrykk - Logo Design - Web design - Sosiale media -  
- Digitalisering av negativer, ljusbilder og analoge bilder. -

Frå idé til ferdige trykksaker! Vi designer alle typer trykksaker, skreddarsydd etter dine behov og identitet. Spennvidde er stor med alt frå enkle visittkort til brosjyrer, annonser og grafisk utforming av bøker. Du kan velje mellom å få levert ferdige trykkfiler, eller vi ordnar og formidlar trykk for deg.

Kontakt meg gjerne for eit pristilbod eller ei samtale om ditt prosjekt.

Ronald Petrych  
Mobil: +47 95 15 24 12  
Fyresdalsvegen 1096, 3870 Fyresdal  
Email: [post@vesttelemarkdesign.com](mailto:post@vesttelemarkdesign.com)

OBS! frå 1. juni 2022 flyter vi til:  
Fyresdalsvegen 1096, 3870 Fyresdal

## FYRESDAL MANUFAKTUR & LEIKER

### Opningstider

#### JULI

måndag-fredag kl. 10.00–17.00  
laurdag kl. 10.00–15.00

#### AUGUST

Måndag-fredag kl. 11.00–16.30  
Laurdag kl. 10.00–14.00

Tlf. 97675772 Lise

Det er mykje som skjer i  
Folkestadbyen i sommar. Sjå eige  
skriv.

Håpar å sjå deg ☺



Litt for heile familien ☺

God sommar og velkomen innom!



Åpningstider i sommer:  
Mandag-torsdag 10-16  
Fredag 10-17  
Lørdag 10-15

Tlf. 45313003

[www.heimleginterior.no](http://www.heimleginterior.no)



## JIPPI! SUMAR, FERIE.....

og tid for lette klede som kjolar, toppar og shorts. Her er det litt for ein kvar smak, så kom gjerne innom for å sjå!

Og skal du ha ei gåve er her litt av kvart å velje på av det også, både til pynt og til nytte.

**Ynskjer dykk ein GOD SUMAR,  
og velkomen på arrangementa  
mi har i Folkestadgata!**



### OPNINGSTIDER i SUMAR:

Juli: 10.00–17.00 (15.00)

Aug.: 10.00–16.30 (14.00)

**VELKOMEN!**



# SUMAR i FOLKESTADBYEN

♥ Laurdag 6. juli: kl. 13.00: **Konsert; Ask**

♥ Laurdag 13. juli: kl. 13.00: **Konsert; Karoline,  
og Ølga Lettvint** feirar **90-årsdagen**  
med kake og bublur på by'n!

♥ Laurdag 20. juli: kl. 13.00: **Konsert; Silje  
m/band**

♥ Laurdag 27. juli: **Olsok-markering;**  
Kl. 11.00: **Matsalg v/Fenny og Marife,  
vaffelsalg v/Bygdekvinnelaget**  
Kl. 13.00: **Konsert; Emma**  
Kl. 14.00: **Historisk gatevandring** med  
Ragnhild

## VELKOMEN!



## JULI 2024

Tysdag 2. juli	<p><b>Rekefjellsnipa 910 moh. Torsdalen, Fyresdal. 5 timar/ 7 km.</b> Køyrer inn til Øysæ og set att ein bil i nærleiken av dammen og går frå Mørketjønn. Dette blir ein rundtur der turmålet er Rekefjellsnipa på 910 moh. Ei stigning på 250 m. Går truleg ned mot dammen og ser om vi finn Rekedalstøylen. <b>Tid:</b> Kl. 17.00. <b>Naturlos:</b> Gunhild Momrak. Tlf. 957 91 511.</p>
Torsdag 4. juli	<p><b>Rauhelle/Skåpi. Hauggrend, Fyresdal. 7 timar/ 16 km.</b> Køyrer inn bomvegen til enden av Rolleivstadvatn. Går på fin stig/slepe forbi Sveigstøylane, øvre Smedbu og oppover mot ytre Valevatn. Bratt opp mot Flottefjell før vi går til Rauhelle også kalla Skåpi på 1071 moh. Går om lag same vegen tilbake. Dette er ein lang og litt krevjande dagstur. <b>Tid:</b> Kl. 10.00. <b>Naturlos:</b> Gunhild Momrak. Tlf. 957 91 511.</p>
Tysdag 9. juli	<p><b>Sandviksnipa og Russfjell. Napevatn, Fyresdal. 5 timar/ 10 km</b> Vi køyrer inn til Austre Nape om lag 10 km frå sentrum og parkerer ved Vistøylhytta. Fylgjer fin slepe oppover lia til vi er oppe i 900 meters høgde. Tek til høgde på toppen og går vidare utan stig bort til den flotte varden på Sandviksnipa. God utsikt til Napen og Napevatn. Vidare går vi austover til den store og flotte varden på Russfjell på 1000 moh. Flott tur med god utsikt. Same vegen tilbake. <b>Tid:</b> Kl. 17.00. <b>Naturlos:</b> Gunhild Momrak. Tlf. 957 91 511.</p>
Laurdag 13. juli	<p><b>Padletur på Valebjørgsheia. Valebjørgsheia, Fyresdal. 5 timar.</b> Ein fin dagstur i kajakk langs eventyrlege Midtvatn på Valebjørgsheia. Her er det fullt av øyar, bukter, kilar og oddar som er fine å padle til. Nok av fine plassar å legge til land og fint å bade. Fiskekort kan ein få kjøpt dersom ein har lyst på å freiste fiskelukka. <b>Tid:</b> Kl. 10.00. <b>Naturlos:</b> Gunhild Momrak. Tlf. 957 91 511.</p>
Tysdag 16. juli	<p><b>Grasstøylfjell 954 moh. Sentrum, Fyresdal. 5 timar/ 8 km.</b> Køyrer innover vegen mot austre Nape og parkerer i slepa som går til Stemtjønn. Fylgjer slepe og deretter dårleg stig til vi er oppe på rista mot Grasstøylfjell. Må ned i eit dalsøkk før vi er oppe på den flotte varden. Rundtur eller same vegen tilbake. <b>Tid:</b> Kl. 17.00. <b>Naturlos:</b> Gunhild Momrak. Tlf. 957 91 511.</p>
Tysdag 23. juli	<p><b>Ufsehomfjell. Fjone, Nissedal. 4 timar/ 7 km.</b> Vi køyrer til Fjone og mot Treungen ca. 40 km herifrå. Dei som kjem sørfrå møter direkte ca. kl.18.00. Turen går langs merka stig bratt oppover flotte svaberg med krokete furu. Utsikten er fantastisk oppover langs fjellet. Vi går slepe ned att og kjem ned på stigen som går mot Kronfjell. Like før ein kjem attende til bilen passerer ein gamle helleristningar på venstre side. Her kan ein blant anna sjå omrisset av den dansande mannen. <b>Tid:</b> Kl. 17.00. <b>Naturlos:</b> Geir Dale Fjalestad. Tlf. 416 31 606.</p>
Tysdag 30. juli	<p><b>Skjevleheia 903 moh. Gausvatn, Fyresdal. 4 timar/ 7 km.</b> Køyrer inn bomvegen mot Gausvatn. Parkerar ein bil ved Stemtjønn. Køyrer vidare til Votnæ og går opp ved hytta på Dydding. Meir eller mindre bratt til vi er oppe på Skjevleheia. Det er nokså flatt på toppen med 2 "toppar" på litt over 900 moh. Går ned att ein fjellrygg mot Stemtjønn. Fin tur med flott utsikt. <b>Tid:</b> Kl. 17.00. <b>Naturlos:</b> Gunhild Momrak. Tlf. 957 91 511.</p>

## AUGUST 2024

Torsdag 1. august	<p><b>Fiskevotna, fisketur. Kilegrend vesthei, Fyresdal. 6 timar/ 7 km.</b>          Køyrrer inn bomvegen til Bindalen og følger fin stig inn til gapahuken. Litt stigning oppover til Fiskevotna. Med Fiskarhytta til Helge som utgangspunkt er det fine moglegheiter til å rusle rundt med fiskestonga eller bare nyte ein fin dag på heia.  <b>Tid:</b> Kl. 10.00. <b>Naturlos:</b> Helge Kiland. Tlf. 916 32 615.</p>
Tysdag 6. august	<p><b>Topptur, Torsdalsfjell 997 moh. Torsdalen, Kleivgrend, Fyresdal. 4 timar / 6 km.</b>          Køyrrer til Torsdalsdammen og går stigen mot Gaukås. Tek til venstre før vi er ved den fyrste tjørna og finn ein tydeleg god saueveg bratt oppover på det flotte Torsdalsfjell. Stigen går slik at det er flott utsikt heile vegen oppover, opp forbi Soltjønn og opp til toppen, der det er stort og flatt. Går ned att mot nord-aust og kjem inn på stigen til Gaukås litt høgare opp. Ein flott rundtur og lettare enn den til Gaukås med ei stigning på 360 m.  <b>Tid:</b> Kl. 17.00. <b>Naturlos:</b> Gunhild Momrak. Tlf. 957 91 511.</p>
Tysdag 13. august	<p><b>Storfjell 808 moh. Fjalestad, Nissedal. 4 timar/ 8 km</b>          Om lag 40 minuttars biltur langs Napevatn og opp til toppen av bakkane på nordsida. Dette er ein av dei flottaste turane vi har med 95% flotte svafjell. Fint å gå med joggesko. Vi passerer det høgste punktet før vi går fram til ein flott varde heilt ut på fjellet. Her ser vi rett ned til Fjalestadgrenda og utover heile Fjonemøane, som er eit stort innlandsdelta. Turen er fin og passar både for store og små.  <b>Tid:</b> Kl. 17.00. <b>Naturlos:</b> Gunhild Momrak. Tlf. 957 91 511.</p>
Tysdag 20. august	<p><b>Brutjønn/Staursfjell. Birtedalen, Fyresdal. 5 timar/ 8 km</b>          Parkerer ved Brutjønn sitt utløp 602 moh. Går på vestsida av Brutjønn og opp langs den flotte Langfoss til Ufstjønn. Kryssar vassdraget og følger eit dalføre opp til toppen av Staursfjell på 770 moh. Derifrå ned att mot Roskoglia. Held deretter vestover mot hyttefeltet på Gakkskil og ned att til bilane ved Brutjønn. Dersom stor vassføring må turen endrast litt.  <b>Tid:</b> Kl. 17.00. <b>Naturlos:</b> Grethe Lassemo. Tlf. 977 88 988</p>
Tysdag 27. august	<p><b>Stigane til Fåtjønnmyrane. Åslandsgrend, Fyresdal. 3 timar/ 6 km.</b></p> <p><b>Denne turen er avlyst grunna eit anna arrangement!!</b></p>

Fast møteplass er på parkeringa ved Fyresdal samfunnshus i sentrum. Tak på passande klede og gode sko, og ta med mat og drikke. Alle som er med, går turen på eige ansvar.

Toppar merka med \* har bok på toppen.

NB! Atterhald om endringar i oppsette turar.

Hugs bandtvang!



# DRAGRACE

## i Fyresdal

### 13-14 juli

Velkommen til Fyresdal  
og NM i dragrace - BIL og MC!

- ▶ Street legal for BIL og MC
- ▶ 200 m til camp
- ▶ Veteranbilutstilling på området
- ▶ Dagspass: 200,- Weekendpass: 300,-
- ▶ Barn under 14 år: gratis i følge med voksen



For mer info:

 Fyresdal Motorsportklubb

[fyresdalmotorsport.no](http://fyresdalmotorsport.no)



VI ER MEDLEM AV GRASROTANDELEN – STØTT VÅRT ARBEID

FYRESDAL MOTORSPORT KLUBB • 3870 • Fyresdal

TELEFON: +47 917 77 051 • Org. nr.: NO 911 718 545

E-post: [post@fyresdalmotorsport.no](mailto:post@fyresdalmotorsport.no) • WEB: [www.FYRESDALMOTORSPORT.no](http://www.FYRESDALMOTORSPORT.no)



### **Bispeveg marsjen feirar 40-årsjubileum laurdag 3. august!**

Bispeveg marsjen er ein tre mil lang turmarsj som går frå Fyresdal til Valle. Det er ein marsj som tek deg opp på 1100 meters høgde. Den startar ved Nøs før Øysædammen i Fyresdal og avsluttast ved Valle skule. Det er eit flott heieområde med variasjonar frå frodige skogslar og myrområde til høgfjellsområde.

Betaling buss: Vaksen kr 300,-, barn kr 200,-.

Startkontigent: Vaksen kr 150,-, barn til og med 16 år kr 100,-.

Valle IL sender betalingskrav til påmeldte.

Påmelding på denne linken: <https://forms.office.com/e/4H7pRWRVQu>

Eller QR-kode



Arrangør Valle IL og Fyresdal IL ønsker velkomen til ein flott dag over fjellet.

### Vaffelsal i Folkestadbyen:

Fyresdal Bygdekvinnelag markerar Olsok og sel vaflar i Folkestadbyen Olsoklaurdagen 27. juli frå kl. 11.00 og utover dagen. Velkomne!

### Sumarkveld på Midtgarden:

Fyresdal Bygdekvinnelag inviterar til sumarkveld på Midtgarden 29. august, kl. 18.00. Me lagar pizza med pesto som me har laga tidligare og kosar oss i sumarkvelden hos Solveig Abelone Midtgarden. Dette er eit ledd i prosjektet Nøysom som er Norges Bygdekvinnelag sitt satsingsområde for lokal berekraft og gjenbruk. Alle er hjarteleg velkomne!



Fyresdal

**Pål Kjetil Kiland**  
Tømrer | Kiland Bygg

T 95 79 15 13  
E [kilandbygg@gmail.com](mailto:kilandbygg@gmail.com)

Utfører små og store byggeoppdrag



**KILAND BYGG**  
957 91 513

### Ved til salgs 2024

Storsekk (1500 l) med bjørk selgast.

Leverar etter avtale.

Ta kontakt for spørsmål og bestilling.

Hans Magne Breivik  
90 85 33 92



### Pensjonistforbundet

Fyresdal pensjonistlag har møte torsdag 22. august kl. 15.00 i Hamaren (grillhytta nedenfor sykehjemmet). Det blir servert pizza, drikke, kaffe og kake. Ta med stol. Vi håper på fint vær.

Gamle og nye medlemmer ønskes velkommen.

### Sjå deg attyvi 2023

Denne utgåva kom ut i god tid før jol. Den omhandlar skiskytinghistorie i Fyresdal med mange bidragsyterar. Olav Rand Bringa har skrivne om si tante lærar Borghild Bringa m.m.

Bøkar er i sal hjå Joker, hjå Lise på Manufakturen og hjå redaktørane.

Me er i gang med neste års utgåve og tek gjerne imot stoff til denne.

Kontaktpersonar og redaktørar er:

Hans Haakenstad: [hhaaken@gmail.com](mailto:hhaaken@gmail.com) / 48 07 80 26

Gunhild Momrak: [gmomrak@gmail.com](mailto:gmomrak@gmail.com) / 95 79 15 11



## Arrangement i Birtedalen sti- og løypelag



30.06	Tur til Midtgarden, frå Birte via Krokstøyl. Båtskyss over Nesvatn for dei som ikkje vil gå tilbake.	Grethe Lassemo Tlf. 97788988 Geir Tovslid
28.07	Tur til Grøssastøylane	Grethe Lassemo
03.08	Dugnad	Stein Helge Lassemo
03.08	Basar	Aase Tovslid
31.08	Offisiell opning Birtevatn rundt. Turløp, tur, fiskekonkurransse og sosialt samver	Venke Johansen 41554926  Rune Breivik

Meir informasjon kjem på Facebook-sida vår Birtedalen sti- og løypelag.

### Velkome til turløp i Birtedalen

Laurdag 31. august blir det offisiell opning av den nye flotte løypa i Birtedalen.

Dette markerar vi med turløpet «**Birtevatn rundt**».

Løpet passar for liten og stor, gamal og ung, anten du vil konkurrere på tid eller gå i ditt eige tempo – aleine eller i flokk.

Start og mål blir ved brua over Osen i Birtevatn. Løypa er ca. 14 km lang og vil vere merka med band og piler. Om lag midtvegs (ved gapahuken) blir det drikkestasjon med litt å bite i, og ved målgang serverast drikke.

Premiering av vinnaren i dame- og herreklassa og deltakerpremie for alle barn/unge under 18 år. I tillegg blir det trekning av premiar på startnummer.

Vi kan ikkje garantere sol fra skyfri himmel, men vi garanterer ein flott naturoppleving – uansett vær.

Vi ynsker mange glade deltakarar i løypa, så ta utfordringa!

**Bli med på «Birtevatn rundt»!**

Helsing Birtedalen sti- og løypelag

**Påmelding ved Osen laurdag 31.08 frå kl. 09.00**

**Vaksen: Kr 100,-**

**Barn/ungdom under 18 år: Kr 50,-**

**Familie: Kr 200,-**

**Trim: Fri start mellom kl. 10.00 og 11.00**

**Konkurransse: Start kl. 11.00**

**Premieutdeling: Ca. kl. 19.00 på den gamle butikken, Birtedalsvegen 2503 (samme stad som sosialt samver om kvelden)**

**Har du spørsmål? Kontakt Venke Johansen mobil: 41554926, e-post: venkefj@gmail.com**





NORWEGIAN FIREWEED TEA  
HÅNDPLUKKET GEITRAMS-TE FRA  
FYRESDAL  
TILGJENGELIG I SPAR, JOKER OG OLEASHUS

[www.missflower.art](http://www.missflower.art)



Kasia Piatek

CRAFT ARTIST

[info@missflower.art](mailto:info@missflower.art)

[www.missflower.art](http://www.missflower.art)

Phone: 939 52541

## Aasbak Service og Utleie

Jamax stillashenger til utleie, 132m2. Pakken leveres komplett i henhold til gjeldende regelverk for stillasbygging.

Tar på meg arbeid innen snekring, tre-felling og div. annet.

Stian Aasbak

Tlf.: 980 57 622

Mail: [stianaasbak@hotmail.com](mailto:stianaasbak@hotmail.com)



## Fjellgardsmat - sjavsagt økologisk

Mørt, fantastisk kalvekjøtt frå  
Fjellgardane til sals.

Seljast i assortert kasse à 20 kg, men  
sel også enkeltstykke i mindre kvanta.

Kjøttet er oppdelt i fornuftige stykke,  
vakuumpakka og merka med etikettar.

Kalvebein til kraft (eller til bikkja)  
i posar à 5 kg.

I tillegg ymse innmat.

Er du ute etter ei spesiell gåve, er her  
fantastiske kalve- og ungdyrskinn i  
forskjellige fargar på lager.

Sjå gjerne Facebook-sida «Skålid i  
Fjellgardane» for info.

Ta kontakt for pris og bestilling.

Elin Skålid

Telefon 90 58 63 54

E-post: [elin@skalid.no](mailto:elin@skalid.no)

## No har korpset velfortjent ferie, og vi startar opp att tysdag 20. august!

Har **DU** lyst til å vere med og spele er du hjarteleg velkomen, for **VI YNSKJER OSS FLEIRE MUSIKANTAR!**

Du kan møte opp på øving, avtale med dirigenten Trygve Jarle eller med aspirantinstruktør Karoline.



Korpset øver tysdagar kl. 18.00-20.00. Aspirantane har også øving på tysdagane, kl. 14.30-15.15.

Bli med du også då vel!

**ETTERLYSING:** Har de instrument som har vore lånt heim frå «Korps i skulen» dei seinare åra? Ev. om de har lånt med for å prøve, og gløymt å levere? Vi vil gjerne ha desse attende



Noko du lurar på? Ta kontakt; dirigent Trygve Jarle: 97678012, aspirantinstruktør Karoline: 90095010 eller leiar Erna: 41249645.

**GOD SUMAR frå oss i korpset!**

---

## Aktivitetsdagar i Øyskogen juli 2024

Kvar laurdag i heile juli vil Fyresdal Bygdemuseum i samarbeid med Vest-Telemark museum ha aktivitetsdag i Øyskogen. Fyresdal er ein kommune rik på handverk og tradisjon. Museet vil ha open utstilling med guide laurdag (og søndag!) kl. 11-17 desse helgene, og kvar laurdag vil me presentere lokale bedrifter og utøvarar av tradisjonshandverk i Fyresdal, som stiller ut varer og produkt for sal og bestillingar. Øyskogen vil vere open for alle besøkande desse dagane!

Utstillinga i museumsbygget er basert på boka «**Red River Girl**» og fortel historia om ein familie som utvandrar frå Fyresdal til Amerika i 1860. Der blei dei grunnleggjarar av «Buffalo River Settlement», ikkje langt frå dagens byar Fargo og Moorhead, i 1871. Historia er fortalt gjennom bilete laga av kunstnaren Orabel Thortvedt som er 3. generasjon innvandrar i denne familien.

**Laurdag 6. juli:** Vest-Telemark museum har open utstilling. Anette Forsdal Halvorsen driv Åsberg tunet saman med mannen Stein. Her driv dei med geiter, samt café og catering. Anette tek med salsboden og vil ta med heimelaga bakverk og såper med meir.

**Laurdag 13. juli:** Vest-Telemark museum har open utstilling. Sauebonde og kunsthøgskulelærar Ingun Momrak-Haugan viser fram flotte skinnarbeid og linoleumstrykk for sal, og tek imot bestillingar.

**Laurdag 20. juli:** Vest-Telemark museum har open utstilling. Fyresdals eigen smed Jan Erik Klausen har knivutstilling og viser fram unikt kvalitetshandverk frå smedyrket. Han tek imot bestillingar.

**Laurdag 27. juli:** Vest-Telemark museum har open utstilling. Andreas Valebjørg frå Valebjørg Design viser fram trearbeid, og har med seg bilethoggar Odd Jørgensen. Her kan dei som ynskjer få prøve seg på øksekast. Kanskje dukkar det og opp nokre firebeina...



## Totak AS

Vi har moderne turbuss MAN Lions Coach, 2016 mod. 53 seter m/toalett og minikjøkken. Vi tar på oss større og mindre kjøreoppdrag lokalt og over flere dager.

Våre sjåførere er lokalkjente, og har også erfaring fra turer i inn- og utland. Vi skreddersyr dine turer slik som du vil.

Vi er medlem av reisegarantifondet som sikrer dere trygge vilkår.

Velkommen til oss!  
Ta kontakt pr. tlf. 920 14 046 eller  
e-post [bjorn.g.larsen@icloud.com](mailto:bjorn.g.larsen@icloud.com).



Mvh Bjørn  
Gudmund  
Larsen

## Veum grendelag

Vinnere på loddsalget av vedsekker på byggedagen:

5 sekker - Knut Heistad  
5 sekker - Katrine Sannes  
5 sekker - Bjørg Skåli  
10 sekker - Viel Nilssen  
10 sekker - Liv og Håkon Bakke  
15 sekker - Annveig Johre

Takker alle som støttet Veum grendelag med kjøp av lodd på vedsekker på byggedagen!

## HAR DU ...

Sengetøy som dynetrekk/ putetrekk/laken og stretchlaken du ikkje lenger vil ha, så ikkje kast det. Vevkjerringane på Gardar tek gjerne imot dette, og gjer det om til ryer ☺

Vi er der fast på tysdagar, men det er ofte nokon der dei andre virkedagane også. Så har du noko så stikk gjerne innom med det ☺

Helsing vevkjerringane på Gardar

**UFS Service**   
**Vedlikehold**  
mobil: 975 69 634

*Utfører service og generelt vedlikehold på anleggsmaskiner, landbruksmaskiner og redskap. Montering av ekstrastyr.*

*Ta kontakt om du ønsker bistand med vedlikehold og mindre reparasjoner av din maskin/redskap.*

*Gode prisar på anerkjente filter og smøremidler.*

*E-post: [k.ufs@live.no](mailto:k.ufs@live.no)*



**JE Klausen AS**  
- Kreative løsninger -

Reparasjon og service • Mekanisk og sveiseverksted  
Lager alt innen smjern og andre konstruksjoner • Salg av snøscooter og ATV tilbehør

Geitestadvegen 120 • Tlf. 908 84 669 • E-post: [klausenmotorsport@gmail.com](mailto:klausenmotorsport@gmail.com)

Bullseye Dartklubb er eit registrert idrettslag. Vi held til på Gardar (Landstadvegen 37). Der har vi pr. i dag 5 banar og spille på, og vi har forskjellige spillekveldar. Vi satsar mot barn og ungdom i bygda, så her kan alle frå 12 år (f. 2011 og seinare) og oppover melde seg inn og bli med å spille. Vi vil fokusere på å skape ein arena som alle kan trivast i. Medlemskap for born opp til 18 år er gratis.

Vi har egne treningsdagar:

- Onsdagar er ungar/ungdom prioritert frå kl. 19, men alle kan komme.
- Annan kvar fredag er det trening/spill for vaksne frå kl. 19.
- 4. kvar fredag er det turnering med poeng for ranking av medlemmane. Oppmøte kl. 19. Kampstart kl. 19.30. Dette blir annonsert på medlemsida på Facebook.
- Forbeholder oss endringar i forhold til oppmøte.
- Det blir også moglegheit for å lære teknikk og få tips om å finne dartpil som kan passe for den enkelte medlem. Klubben har 8 sett piler som KUN medlemmar kan låne/prøve til dei eventuelt får sine egne.


Vi håpar du/dykk vil bli med i klubben. Det er ikkje alle barn og ungdom som er med på fotball eller ski. Derfor er dette eit bra alternativ for deg som ikkje nødvendigvis er rask/sprek, eller andre orsakar for at du ikkje driv med fysisk aktivitetar. I dart får du meir trening på fokus, og det er god mattetrening ☺

Kontaktinfo:

Mail: [bullseyedartklubb@gmail.com](mailto:bullseyedartklubb@gmail.com)

Tlf.: 91 77 43 08

Olav Bjørnerud



Leiger ut til bedrift og privat.  
Ingen krav til førerbevis.  
Transport kan ordnast om  
ynskjeleg.  
Langtidsleie kan diskuteras.  
Tlf. 467 66 069.  
Mvh Bjørn Olav Nedrebø



# BONDAL

BONDAL MOTOR AS • 2870 FYRESDAL

Bondal Motor er ei bedrift som er kjent over heile landet. Vi utfører service på snøskuter, ATV/UTV, grasklypparar, Automower klypperrobot, hytteprodukt osv. I nettbutikken kan du velje å hente varene i butikken eller få dei tilsendt. Vi er også Sunwind Hyttesenter. Nokre av leverandørane er: Polaris, Husqvarna, Klim, Sunwind, Kama fritid, HSX, Honda, Espesgard, Wee gruppen, Tilhengergruppen, Verktøyhuset.

[www.bondal.no](http://www.bondal.no)



## Tømrar Lars Ola Solberg

Eg tek på meg arbeid innan snekring, forskaling, muring, rydding av skog og plantefelt, beitepussing/småkratt, knusing av alle typar beiteområde, viltåkrar, husmannsplassar, små jorde og liknande. Beitepussing og krattknusing av jorde, beiteområde og liknande.

Nyttar brei liten traktor med solid knusar bak. Andre type jobbar etter avtale. Utleige av utstyr og maskiner.

For meir info eller spørsmål, ta kontakt på telefon 404 35 443 eller e-post [lars.ola.solberg@gmail.com](mailto:lars.ola.solberg@gmail.com).


## Hesteventyr

Vi tilbyr toppturer og langturer med hest. Tortveit 35, 3870 Fyresdal. Facebook/916 65 549/[invalen@online.no](mailto:invalen@online.no).

Vi tilbyr guida rideturer, toppturer, jakt og fiske. Overnatting i stabbur, stallsuite, hytter og himmelseng. Oppstilling for bobil.

Velkommen!

Sjå også [www.hesteventyr.no](http://www.hesteventyr.no)



## LOKALMATBUA



Sjølvetent butikk med lokalmat ved låven til Fyresdal prestegard. Betaling skjer via Vipps eller kontooverføring.



## Kvipt Gjestegard



# Krossli

## SINGEL OG SAND AS

Jørn Helge Krossli 950 37 547

Sal av knusa masser:

0 - 11 mm

0 - 32 mm

12 - 22 mm

0 - 120 mm

Transport av masser ordnar vi også.



## FØRSDAL BYGDEKOR



Førsdal bygdekor øver kvar  
mandag kl. 18.30–20.30 i  
kantina på Gimle skule.

Vi ynskjer oss fleire songarar!  
Du treng ikkje å ha erfaring  
med å syngje i kor.

Vil du vite meir, kan du  
kontakte Astrid på mobil  
95 22 23 94.

*Er du glad  
i å syngje?  
Då er du  
velkomen til oss!*





## Aketun Fisk

Selvbetjent utsalg – alltid åpent – kom når det passer deg.

Vi leverer fiskefat til enhver anledning, ring og bestill.

Det gleder oss at dere velger våre lokalproduserte produkter og handler lokalt.

Velkommen innom.

Hilsen Ingebjørg og Jonny  
Birtedalsvegen 943  
Tlf: 97 76 02 38  
E-post: [post@aketunfisk.no](mailto:post@aketunfisk.no)  
Følg oss gjerne på Facebook



### Lift-utleige

18 m – bensin/straum.  
Dag Helge Strånd, tlf. 41 44 69 96.  
Leigast ikkje ut til måling med sprøyte.



Eg yter framleis service på Jonsered motorsager. Har delar på lager og skaffer nye varer du treng. Halvard K. Grythe. Telefon 905 38 086. E-post [hkgrythe@online.no](mailto:hkgrythe@online.no).



Eg fiksar alt innan lås og beslag, reparasjonar og fornying. Vil du ha like låsar på alle dører bygger eg om dette. Eg slipar nye nøklar om du treng det. Eg tek og på meg mindre byggeprosjekt, vedlikehald og rehabilitering. Tak gjerne kontakt for gratis befarung.

Du når meg på telefon 402 44 210 eller på e-post [vidar.sandvik@lyse.net](mailto:vidar.sandvik@lyse.net).

### Flishogger leies ut – med mann

Tar virke opptil 25 cm i diameter.  
Ta kontakt for info ☺  
Gjermund 908 03 383

### Tømrrar Erik Midtbø

Skifting av dører og vindauge, tilbygg, rehabilitering og det meste innan ombygging og vedlikehald.  
Gratis befarung.  
971 92 386 / [erik.mi@hotmail.com](mailto:erik.mi@hotmail.com)



Treng du snekkar til å gjere jobben for deg kan du kontakte Sven Erik Skomdal på 47 90 57 25 eller [svenskom@online.no](mailto:svenskom@online.no).  
Har fagbrev.

EL-kontroll • boliginstallasjon • smarthus  
ladestasjoner • våtrom • bad  
solenergi • sikringskap • belysning

## Momrak

Verkstad AS



Momrak Verkstad AS  
Molandsmoen 5  
Tel. 35 04 11 43

Mekonomen  
Bilverksted



Telefon: 35 04 11 43  
E-post: [post@momrakverkstad.no](mailto:post@momrakverkstad.no)  
Adresse: Molandsmoen 5, Fyresdal

### Avtraumatisering: Befrir deg fra lidelsene etter vonde opplevelser!

Etter å ha arbeidet med **Tankefeltterapi-TFT** som metode på full tid siden 2002, har jeg ennå ikke opplevd at traumer, dvs. minner om vonde opplevelser, er vanskelige å befri mennesker fra. Det er fordi minnet i seg selv ikke er problemet, men det at programmet som ble aktivert under hendelsen ikke har sluttet å kjøre selv om selve hendelsen for lengst er over: For deg som sliter med tanker og følelser, er det som om hendelsen på mange måter fortsatt pågår. **TFT** er oppdagelsen av hvordan man deaktiverer programmer som optimalt sett ikke lenger skulle være aktive! Det er det samme som skjer dersom du er heldig og det vonde en dag har gått over «av seg selv»!

Da vi også vet at traumer er det viktigste man kan gjøre noe med, da de gjennom sin negative «programmering» er årsak til en mengde (alle?) lidelser og forstyrrelser som reduserer livskvaliteten til så alt for mange, er det på høy tid at alle får greie på at **avtraumatisering** ikke bare er mulig, men at hjelpen er like nær som du skulle håpet!

Det å være traumatisert er ikke i seg selv en sykdom (selv om du i høyeste grad kan føle deg syk), men blir problemene store nok kvalifiserer du til en diagnose. Husk at Posttraumatisk Stresslidelse (PTSD) ikke er en sykdom, men at man helt klart kan pådra seg ulike sykdommer dersom man over tid opplever en psykisk belastning som kroppen vår ikke lenger orker å bære. Befri deg derfor så hurtig som mulig fra følelsene knyttet til vonde opplevelser!

Det er på høy tid og med stolthet vi innfører et nytt begrep som alle forstår:

**Avtraumatisering gjennom Mental Optimalisering** er den mest effektive og skånsomme måten vi kjenner i dag:  
**Ingen åpne sår –  
Stopp traumene og sett deg selv fri!**

**Stein Lund Halvorsen**  
Mental Optimaliserer  
Spesialist i tankefeltterapi  
Tlf. 456 64 004  
E-post: [post@optimalytelse.no](mailto:post@optimalytelse.no)  
[www.optimalytelse.no](http://www.optimalytelse.no)



Vi gjennomfører alle typer installasjon sterk- og svakstrøm.

Hytter, hus, næringsbygg, solcelle, el-kontroll bolig, næring og landbruk. Alarm m.m.

Vi har lager og montør i Fyresdal.

T: 35 05 80 80

E: [post@dyrud.no](mailto:post@dyrud.no)

### **Skrammel og skrot – Hauggrend grendelag**

Vi tek imot alt av metall, gamle omnar, komfyr, sykklar, traktor, spiker, skruar, bilbatteri, radioar, elektronikk, lamper, gamal reiskap – ja, alt som du vil kvitte deg med av store og små ting.

Ring Dag Helge på 414 469 96,  
så kjem vi og hentar.

Vi tek også imot dekk på felg (gratis).

### **Slipar det meste som er sløvt:**

- Kokkeknivar, bruksknivar
- Keramikknivar
- Sakser øksar stemjern m.m.
- Polering av eggen på finkniven
- Høvelstål (inntil 30 cm)
- Hardtmetall sagblad (håndsirkel, gjerdesag o.l.)

Dag Birger Lie  
Birtedalsvegen 533  
Tlf. 99 20 00 38



## **VIA FERRATA TELEMARK**

SKREFJELL, HAUGGRENND, FYRESDAL

### **AKTIVITETER OG SPENNING FOR HELE FAMILIEN!**

Via Ferrata Telemark har klatreturer for alle fra 7 år og oppover. Mer spenning? Prøv verdens lengste rappelleringsrute ned Skrefjell, 400 meter total lengde inkluderer opplæring og utstyr.

Nytt i 2023 var glamping på terrasse midt i fjellsiden i telt med frokost!

Ta med kjæreste, venner, familie på tur til sommerens store opplevelse.

Spenning, samhold, natur og minner for livet!



### **Via Ferrata Telemark**

[viaferrata-telemark.com](http://viaferrata-telemark.com)

Listet i «121 Fantastiske opplevelser i Norge». For informasjon eller reservasjon, kontakt oss via messenger

[facebook.com/viaferratatelemark](https://facebook.com/viaferratatelemark)

eller på telefon +47 941 00 500.

# Eldhuset på Skrede og Fagerdalen Fjellhytte

HAUGGREN, FYRESDAL

## Eldhuset på Skrede

Eldhuset på Skrede er et gammelt oppusset koselig gjestehus med plass til 1-3 personer med internet, TV, bad og kjøkken.



## Overnatting i fjellheimen på hytte i Fagerdalen

Gammel sæter med utedo, ingen telefondekning, ingen kjøre-vei (må gå i minst 1 time). Plass til 6. Her var Monsen på tur!



Begge steder har fantastisk natur, fred og ro, fiskemuligheter, flott turterreng. Besøk av elg, rådyr, sau, hjort, kveg, hest, hare, rev mm er ikke uvanlig. Besøk av mennesker er uvanlig 😊

For informasjon eller reservasjon, kontakt oss via messenger [facebook.com/skrededgard](https://www.facebook.com/skrededgard), e-post [bvs@glaciercorp.net](mailto:bvs@glaciercorp.net) eller på telefon +47 941 00 500.

## Velkommen på skattejakt!

Sjølvetjent bruktbuikk som held ope i butikkens opningstid. Bruk hovudinngangen på Joker. Her kan du finne gamle skattar, leiker, klede til store og små, og elles ting og tang som folk har bruk for! Alle varer er merka med pris og Vippsnummer til personen som sel vara. Betaling skjer på Vipps.



LANDHANDLARENS  
SKATTEKAMMER





Den gode naboen

Molandsmoen 6  
tlf. 350 41 190  
[joker.fyresdal@joker.no](mailto:joker.fyresdal@joker.no)

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag
08 - 20	08 - 20	08 - 20	08 - 20	08 - 20	09 - 18

**NYHET!** Mi he nå blitt pakke- kommisjonær før Apotek 1 Kviteseid



Sø du kan be om å få pakka di levert ti økken "Joker Fyresdal"



Mi he fått "Pakke automat" frå PostNord, på utsia mæ inngangen.

Når du bestiller varur på nett, kan du velge å få d lever hit:

Hentas ut mæ PostNord-app når søm helst på døgni



"På Bakromi" he mi mykji nyttig :

DYREFØR  
FRÅ



Felleskjøpet



Kromat

Appetitf. LÅBB

Format

Formel



Natura

Champion



Mi he d søm trængs, ti både to- og firbeinte jægerar!

Gott utval av frøssne produkt frå **VOM**

Div. jakt- og trengings ammunisjon



Enkelt utvalg av fiskeutstyr



**VIKING**  
Gummistøvlar



**FLADEN**  
Flytevestar



LANDHANDLARENS  
SKATTEKAMMER

Velkommen innom for ein triveleg handel!

Fyg økken jønni på Fjæsboka →

 Joker Fyresdal

<b>STIHL</b> 	 	<i>mat i fart!</i> 	<b>UTLEIGE</b> 
------------------	------	------------------------	--------------------

# Best

FYRESDAL

*Påfyll til bil og folk!*

Velkommen til  
bensinstasjonen  
med det rare i

**Moland Auto AS**

**Dogman**

Molandsmoen 4      350 41 300      post@molandauto.no

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sondag
07 - 20	07 - 20	07 - 20	07 - 20	07 - 20	10 - 18	10 - 18

**Dogman**  
Bikkjeutstyr

**STIHL**  
Hagemaskiner

**SCOTT**  
Klær og Utstyr

*Velkåmnen ti Bænsinstasjonen mæ d rare i .. 😊*

**Bil Verkstad**

**Traktor Verkstad**

*måndag - fredag 08-16*


DRIVSTOFF

- E10 BENSIN 95
- E5 BENSIN 98
- D DIESEL
- D AnleggDiesel
- LPG AUTO GAS

**Moland Auto AS**  
Fyresdal

Best Fyresdal

# Kyrkjedøra



## Gudstenester i juli og august 2024:

<p><b>7/7, 7. s. i treeiningstida:</b> Moland kyrkje kl. 11.00. Offer til Misjonsprosjektet.</p> <p><b>14/7, 8. s. i treeiningstida: Inga messe.</b></p> <p><b>21/7, 9. s. i treeiningstida:</b> Veum kyrkje kl. 18.00. Offer til IKO.</p> <p><b>28/7, 10. s. i treeiningstida:</b> Olsokmesse på Heggland gamle kyrkjegard kl. 12.00. Kyrkjekaffi ved Heggland grendelag. Tak gjerne med noko å sitje på. Dersom det er meldt regn, vert messa flytt til Moland kyrkje.</p>	<p><b>4/8, 11. s. i treeiningstida:</b> Moland kyrkje kl. 18.00. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Nattverd.</p> <p><b>11/8, 12. s. i treeiningstida:</b> Veum kyrkje kl. 18.00. Offer til Misjonsprosjektet. Nattverd.</p> <p><b>18/8, 13. s. i treeiningstida:</b> Inga messe.</p> <p><b>25/8, 14. s. i treeiningstida:</b> Moland kl. 11.00. Vingardssundag. Offer til Maritastiftelsen.</p> <p><b>31/8, Konfirmasjon:</b> Moland kyrkje laurdag kl. 12.00. Offer til Barne- og ungdomsarbeidet.</p>
--	---

## Frå kyrkjeboka og gravprotokollen:



**Døypte:** Moland kyrkje: Helge Lien Dahle



**Vigde:** Moland kyrkje: Marit Emilie Husstøyl og Knut Magne Momrak



**Døde:** Birger Krossli, Asbjørn Olav Berge

## Takk for gode år som kyrkjevevje og klokkar!

Eg byrja som kyrkjevevje 1. august 2007, og ser attende på alle åra med glede og takksemd. Og det er mange rundt meg som fortener ein stor takk for at eg har lika meg så godt i arbeidet mitt.

Tusen takk til sokneråda med gode leiarar og nestleiarar!

Tusen takk for tilliten og ansvaret de alle har gjeve meg, og for alle positive tilbakemeldingar.

Tusen takk til alle i staben!

Vi har hatt fleire ulike prestar gjennom desse åra, og samarbeidet har vore godt med alle saman. Alle har hatt gode og særeigne innspel og meiningar, noko vi kan sjå attende på med takksemd og glede. Og så blei vi glade då presten under utdanning, og nå ferdig utdanna prest, kom. Ho er ung, ho kjenner bygda, har pågangsmot, og det er fint at ho ynskjer å satse noko meir på barn og unge, og familiar. Tusen takk til den kjempeflinke kantoren vår. Det er ikkje mange som kan traktere orgel slik som han. Og tusen takk til dei greie kyrkjetenarane, som har gjort akkurat som eg har sagt, nesten alltid i alle fall. Men her òg, tusen takk til soknerådet for at det har vore så enkelt å ha nær familie som ein del av staben. Det er ikkje sjølvstakt at det skal vere slik.

Takk til prostidiakonen for samarbeidet kring gudstenester, gravferder og sorggrupper, og til den driftige prosten vår, og til samarbeidet med dei andre kyrkjevevjene i prostiet. Tusen takk til samarbeidet med kommunen!



Vi er svært takksame for dei fine kontorlokala våre, og for at de framleis vel kommunal representant til fellestrådet. Det er ikkje lenger ei plikt de har, men veldig viktig med denne kontakten.

Tusen takk til alle som har kome til kyrkje, og til friviljuge, til de som sit i utval, kakebakarar, musikarar og andre.

Og ikkje minst – tusen takk til alle i bygda som har gjeve meg så mange gode tilbakemeldingar, både når det gjeld arbeidet mitt, og til arbeidet dei andre i staben utfører. Dette er vi så glade for.

Eg er særskilt takksam til alle dei eg har møtt i samband med gravferder og samtaler. Dette arbeidet har gjeve meg uvurderleg mykje.

Tusen takk for den fine avslutninga Bjarne og eg fekk. Så flott ei messe, og med super fest på Betel etterpå. Vi fekk servert nydeleg lapskaus og fantastiske kaker. Og så den underhaldninga då!!

Til slutt vil eg ynskje soknerådet og staben, med den nye kyrkjeverja Emilie, den nye kyrkjetenaren Laje Bendik, kantor Freddy og sokneprest Marte, alt det beste for arbeidet vidare.

Helsing Else Berit



### **Konfirmasjon i Moland kyrkje laurdag 31. august kl. 12.00**

#### Konfirmantar i Fyresdal 2024:

Nora Austjore Heistad, Elias Valseth Holmegård, Bjørn Høyland,  
Inger Tomine Madsen Johre, Aron Karlsen Krossli, Johanne Lie, Tarjei Røed Momrak,  
Stine Mostervik-Ålandslie, Maria Isabell Mykland Rui, Linnea Seland, Jonas Greivstad Sraume  
Dennis Suwala, Odin Dyrland Valseth

### **Så grønn en drakt - Norsk salmebok nr. 845**

T: Carl David av Wirsén 1889 O: Øystein Thelle 1995 M: Waldemar Åhlen 1933

1 Så grønn en drakt, så rik en duft  
har smykket dal og enger!  
Nu strykes ømt av lys og luft de fagre urtesenger.  
Hør lundens sus og bekkens brus  
forkynne hva som kommer:  
Omsider blir det sommer!

2 Sin lykke, fred og sommerfryd  
må yre fugler prise.  
I mark og skog fra nord til syd de jubler frem  
sin vise.  
Hør håpets klang i deres sang,  
i hymnen de lar kvede  
fra blomstereng og rede.

3 Men du, o Gud, som gjør vår jord  
så skjønn i slike stunder,  
gi at jeg akter mest ditt ord og nådens store  
under!  
Som blomst og løv blir muld og støv,  
skal vi og verden fare,  
men Herrens miskunn vare.



### **Velkomen til Moland kyrkje i sommar**

Nokon ynskjer gjerne å setje seg ned i stille. Andre kan ha lyst til å sjå korleis kyrkja ser ut. Vi har ikkje fast ordning med opa kyrkje, men de kan kome innom kyrkjekontoret og spørje ein av dei tilsette om å opne kyrkja. På kontoret er det som oftast folk tysdag til fredag mellom kl. 10.00 og 15.00.

### **Kyrkjeskys:**

Treng du skys til gudstenester eller andre kyrkjelege samlingar, tak kontakt med kyrkjekontoret.

Kyrkjekontoret, Emilie Gravlev: 350 67 133 / 481 86 104 / [emilie.gravlev@fyresdal.kommune.no](mailto:emilie.gravlev@fyresdal.kommune.no)  
Sokneprest, M.M. Dybdal: 471 77 227 - Kantor, F. Brander: 958 60 923 – Kyrkjetenar, Laje Bendik Gaaren: 992 79 053  
Prostidiakon, E. Erikstein: 911 13 580

# Fyresdal Taxi

Tlf. 95 30 35 00

## Rekvisisjon til pasientreiser

Dersom du ikkje kan nytte rutegående transport, kan du ha rett på å få rekvisisjon til reisa frå din behandlar eller frå ditt lokale pasientreisekontor; tlf. 91 50 55 15.

- Er det helsemessige årsakar til at du ikkje kan nytte rutegående transport til og frå behandling, kan du få rekvisisjon til annan transport av din behandlar.
- Manglar det tilbod om rutegående transport på den aktuelle strekninga, kan ditt lokale pasientreisekontor gje deg rekvisisjon til annan type transport.

Rekvisisjonen kan gjelde både reise med drosje/turvogn og reise med helseekspress eller helsebuss.

Venleg helsing  
drosjeeigarane i Fyresdal

